




**ARTIKLER**

**89**



**EKTESKAP OG BARNETAL—  
EI GRANSKING AV FERTILITETS-  
UTVIKLINGA I NORGE  
1920 — 1970**

**Av Ståle Dyrvik**

**MARRIAGES AND NUMBER OF CHILDREN—  
AN ANALYSIS OF FERTILITY TREND  
IN NORWAY  
1920 — 1970**

OSLO 1976

**STATISTISK SENTRALBYRÅ**

ARTIKLER FRA STATISTISK SENTRALBYRÅ NR. 89

**EKTESKAP OG BARNETAL—  
EI GRANSKING AV FERTILITETS-  
UTVIKLINGA I NORGE  
1920 — 1970**

**Av Ståle Dyrvik**

**MARRIAGES AND NUMBER OF CHILDREN—  
AN ANALYSIS OF FERTILITY TREND  
IN NORWAY  
1920 — 1970**

OSLO 1976

ISBN 82 - 537 - 0658 - 8



## FORORD

Denne artikkelen gir ei framstilling av kor fruktbare gifte kvinner har vore i tida 1920-1970. Framstillinga byggjer på materialet i dei offisielle folketeljingane i dette tidsrommet.

Den nedgangen i barnetalet pr. ekteskap som var serleg sterk mellom 1920 og 1946, men som heldt fram frå 1946 til 1960, har ein også observert i perioden 1960-1970. Forutan ei analyse av tidsfordelinga av fødslane i ekteskapet, har forfattaren også studert samvariasjonen mellom yrkesinndeling og barnetal, og geografisk inndeling og barnetal.

Når det gjeld tidligare undersøkingar av desse emna, viser vi til lista over Referansar på side 47.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 9. november 1976

Odd Aukrust

*PREFACE*

This paper contains a survey of the fertility of married women based on data from the population censuses 1920-1970.

The remarkable reduction in family size which took place between 1920 and 1946, and continued between 1946 and 1960, has also been observed in the last period. Besides an analyse of the distribution of births by time, the author has also studied the correlation between family size and a classification of the families by economic groups and between family size and a classification by county and area of residence.

For previous studies on the same subject readers are referred to the list of references on page 47.

Central Bureau of Statistics, Oslo 9 November 1976

Odd Aukrust

## INNHALD

	Side
1. Det statistiske materialet .....	7
2. Ekteskapa etter talet på barn .....	9
3. Forminga av barnetalet i ekteskapet .....	14
4. Barnetalet i ekteskapet etter sosiale kjenneteikn .....	25
5. Samandrag .....	43
Samandrag på engelsk .....	45

### Standardteikn

- x Færre enn 20 observasjonar
- Ingen observasjonar

*CONTENTS*

	Page
1. The statistical material .....	7
2. Marriages by number of children .....	9
3. The formation of the number of children in the marriage .....	14
4. Variations in the number of children by social variables .....	25
5. Summary .....	43
English summary .....	45

*Explanation of Symbols*

- x Less than 20 observations
- No observations

## 1. Det statistiske materialet

Personskjemaet ved folketeljinga 1. november 1970 inneheldt spørsmål med denne ordlyden:

"For alle gifte: Kva år vart noverande ekteskap inngått?

- For gifte kvinner: a) Gje opp talet på levandefødde barn i noverande ekteskap.  
b) Gje opp fødselsåret for kvart levandefødd barn i noverande ekteskap."

Tidlegare har spørsmål om same emne blitt stilte ved folketeljingane i 1920, 1930, 1946, 1950 og 1960, og føremålet med dei har vore å samla data til undersøkingar av ekteskap og barnetal i den norske befolkninga.

Materialet gjer det mogeleg å setja opp seks ulike statusbilete, og gjennom dei dra opp ein del av utviklingslinene i ekteskap og barnetal gjennom halvsekelet frå 1920 til 1970 (Ref. 3-6, 7 og 9). Vilkåret for dette er likevel at opplysningane frå dei einskilte teljingane let seg jamføra.

I den første undersøkinga i 1920, lagd opp av direktør Gunnar Jahn etter modell av den skotske folketeljinga i 1910, hadde spørsmåla denne utforminga:

"Når gift?

Samla antal barn i ekteskapet?

Av desse i live?"

Under gjennomgåinga av svara syntte det seg at spørsmål 2 hadde reist tvil om dødfødde skulle medreknast eller ikkje. Derfor vart det frå og med teljinga i 1930 uttrykkeleg nemmt at spørsmålet berre gjaldt levandefødde. Svara på spørsmål 3 i 1920, om kor mange av barna som var i live, vart aldri handsama, og spørsmålet er ikkje teke med i dei seinare teljingane. I 1970 kom det til ei ny endring ved at adoptivbarn (men ikkje stebarn eller fosterbarn) skulle reknast med blant dei levandefødde barn i ekteskapet. Risikoen for å få med dødfødde i 1920 og medrekninga av adoptivbarn i 1970 vil verka til å heva barnetalet noko i desse to teljingane i høve til dei mellomliggjande, utan at det er råd å setja noko visst mål på dette.

Ein annan skilnad mellom teljingane oppstår ved at spørsmåla er avgrensa til å gjelda bestående ekteskap, altså ekteskap der begge ektemakane er i live og korkje er separerte eller skilde. Då middellevetida for menn og kvinner i den vanlegaste giftarmsalderen rundt 25 år har stige med vel 5 år frå 1920 til 1970, har ein for kvar teljing fått med fleire eldre ektepar. Desse vil dra det gjennomsnittlege barnetalet oppover fordi dei



har fullført si barneføding. Hyppigare ekteskapsoppløysing ved skilsmål har verka den andre vegen. Pr. 10 000 beståande ekteskap vart det kring 1920 årleg oppløyst 254 ved dødsfall og 14 ved skilsmål. Dei nyaste tala frå kring 1970 syner at 189 vert oppløyste ved dødsfall og 44 ved skilsmål. Då dei fleste dødsfalla førekjem i eldre ekteskap som i det store og heile har fleire barn enn dei yngre skilsmålsekteskapa, er det likevel klart at mortalitetsnedgangen vil vega sterkare enn auken i skilsmåla (Ref. 1). Ved jamføringar av gjennomsnittleg barnetal i beståande ekteskap blir mortalitetsendringane med andre ord ein forstyrrende faktor som skruv barnetalet i dei seinare teljingane kunstig opp i høve til dei tidlegare.

Av dei beståande ekteskapa har ein så ved den statistiske behandlinga innført ei avgrensing til ekteskap der kvinna vart gift i alderen 16-45 år. Dermed er det ikkje berre sett bort frå eit lite antal ekteskap der kvinna vart gift yngre eller eldre, men også frå ekteskap med uoppgjve giftar- målsår. Av dei gjenståande ekteskapa med kvinner gifte i alderen 16-45 år har ein vidare måtta stryka dei som ikkje har opplyst noko om barnetal. Særleg i 1920 fann ein mange nystifta ekteskap utan opplysningar om barnetal, i dei fleste tilfella truleg fordi kvinnene ikkje hadde skrive noko tal når dei meinte 0. Også i 1946 har ein fleire døme på dette. Ved teljinga i 1970 freista ein å gardera seg mot manglande utfylling med merk- naden "Dersom ingen barn, skriv 0". Når ein likevel på dei to postane har tapt over 11 000 ektepar i 1970 mot berre 1 100 i 1960, skuldast det vesent- leg at ein i det sistnemnde året dreiv eit meir iherdig oppfylgingsarbeid for å skaffa inn dei data som vanta. Men kanskje kan også ein del av for- klaringa på skilnaden liggja i ein auke i dei såkalla papirlause ekteskap der partane ikkje kan tidfeste nokon formell start på samlivet.

Tabell 1 gjev eit samla oversyn over det statistiske materialet som folketeljingane frå 1920 til 1970 har gjeve til undersøkingar av ekteskap og barnetal.

Tabell 1. Talet på gifte kvinner ved folketeljingane 1920-1970 *Married women at the population censuses 1920-1970*

	1920	1930	1946	1950	1960	1970
Gifte kvinner i alt <i>Married women, total</i>	428 141	476 248	655 113	717 857	834 225	920 765
Gifte med giftarmåls- alder 16-45 år <i>Married at an age of 16-45 years</i> .....	422 958	470 853	647 808	708 981	820 764	906 753
Av dette: <i>Of which:</i>						
Uoppgjeve giftar- målsår og/eller uoppgjeve barnetal <i>Unknown year of marriage and/or unknown number of children</i> .....	37 582	9 077	16 178	2 229	1 129	11 139
Oppgåver som er nytta <i>Complete returns</i> .....	385 376	461 776	631 630	706 752	819 635	895 614

## 2. Ekteskapa etter talet på barn

Av 906 753 gifte kvinner med giftarmålsalder 16-45 år ved folketeljinga 1970 måtte altså 11 139 utelatast på grunn av ufullstendige opplysningar om vigselsår og barnetal. Dei gjenståande 895 614 gifte kvinnene har oppgjeve 2 002 391 levandefødde barn i sine inneverande ekteskap. Dette gjev som gjennomsnitt 2,24 barn pr. ekteskap. Det er ein nedgang på 1,8 prosent i høve til eit tilsvarande barnetal på 2, 28 ved folketeljinga i 1960. Desse og dei eldre tala går fram av tabell 2.

Tabell 2. Gjennomsnittleg barnetal, heradskommunar og bykommunar. 1920-1970 *Average number of children. Rural and urban municipalities. 1920-1970*

	Heile landet <i>The whole country</i>	Herads- kommunar <sup>1)</sup> <i>Rural municipalities<sup>1)</sup></i>	Bykommunar <sup>1)</sup> <i>Urban municipalities<sup>1)</sup></i>	Differanse herads-/ bykommunar <i>Difference rural/ urban municipalities</i>
1920 .....	4,02	4,23	3,49	0,74
1930 .....	3,45	3,70	2,82	0,88
1946 .....	2,52	2,76	1,93	0,83
1950 .....	2,40	2,68	1,84	0,84
1960 .....	2,28	2,69	1,86	0,83
1970 .....	2,24	2,63	1,95	0,68

1) For 1960 og 1970 gjeld fordelinga bymessig og ikkje-bymessig bygde strøk.

1) *For 1960 and 1970 urban and non-urban areas.*

Ein vil sjå at barnetalet fall snøgt frå 1920 til 1946, medan nedgangen seinare har gått rolegare. På dei 26 åra frå 1920 til 1946 var fallet på 37,3 prosent, mot 11,1 prosent for dei siste 24 åra frå 1946 til 1970.

Tabell 2 syner vidare utviklinga i bygder og byar. I 1960 vart definisjonane endra frå å gjelda heradskommunar og bykommunar til å gjelda ikkje-bymessig og bymessig bygde strøk. Den gamle administrative inndelinga vart erstatta av ei geografisk, noko som gav gruppene byland eit langt meir meiningsssvarande innhald. Endringa førte då også til ei sterk utviding av områda under "by". Medan 32,2 prosent av befolkninga budde i bykommunar i 1950, kom heile 52,2 prosent inn under bymessig bygde strøk i 1960, og både befolkningsmessig og geografisk er dei bymessige strøka blitt endå noko større i 1970. Denne overflyttinga av område frå bygd til by har etter alt å døma verka til å auka det gjennomsnittlege barnetalet innan begge dei to gruppene i 1960 jamført med 1950, noko som har si forklaring i at dei overførte områda har eit lågare barnetal enn gjennomsnittet av bygder, men høgare enn gjennomsnittet av byar. Det er uvisst korleis overflyttinga har slått ut på den før så sterke skilnaden mellom bygd og by, men ein kan sjå at han i det påfylgjande tidsrommet frå 1960 til 1970 fell til 0,68 frå sitt tidlegare faste nivå på over 0,8. På bygdene har barnetalet halde fram med å minka, trass i verknaden av den geografiske

omgrupperinga i 1960. I byane har talet vore stigande frå 1950, og auken vidare etter 1960 tyder på at oppgangen ikkje berre må tilskrivast grense-omlegginga dette året. Etter tala i tabell 2 hadde ein frå 1920 til 1946 ein nedgang i det gjennomsnittlege barnetalet på 44,7 prosent i byane og 34,8 prosent på bygdene. Frå 1946 til 1970 auka det med 1 prosent i byane, medan det minka ytterlegare 4,7 prosent på bygdene.

Tabell 2 gjev det gjennomsnittlege barnetalet pr. ekteskap. Gjennomsnittet er rekna ut frå ei fordeling som kjem fram når ein sorterar ekteskapa etter antal barn frå 0 og oppover til 12 og fleire, slik det er gjort i tabell 3. For jamføringa si skuld er dei absolutte tala utskifta med prosenttal.

Tabell 3. Ekteskap etter talet på barn. 1920-1970. Prosent *Marriages by number of children. 1920-1970. Percentages*

Talet på barn <i>Number of children</i>	1920	1930	1946	1950	1960	1970
0 .....	9,4	13,7	15,8	16,0	13,9	12,6
1 .....	15,2	16,7	24,1	23,9	22,2	20,6
2 .....	14,7	16,4	22,5	23,9	28,4	30,0
3 .....	12,5	13,1	13,4	14,2	16,9	19,4
4 .....	10,4	10,1	8,2	8,2	8,6	9,4
5 .....	8,7	7,9	5,2	4,8	4,3	4,1
6 .....	7,4	6,1	3,5	3,1	2,3	1,9
7 .....	6,3	4,9	2,5	2,1	1,4	0,9
8 .....	5,2	3,9	1,8	1,5	0,8	0,5
9 .....	3,9	2,9	1,3	1,0	0,5	0,3
10 .....	2,9	2,0	0,8	0,6	0,3	0,1
11 .....	1,6	1,1	0,5	0,4	0,2	0,1
12 og fleire <i>and more</i>	1,8	1,2	0,4	0,3	0,2	0,1
I alt <i>Total</i> .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Hovudtendensen er at andelen ekteskap med 5 eller fleire barn går jamt og støtt nedover, frå 37,8 prosent i 1920 til 8,0 prosent i 1970. Andelen ekteskap med 4 barn minka til 1946, men har sidan stige noko igjen. Ekteskap med 2 og 3 barn har vore i ubrotten framgang frå 1920 til 1970. Andelen ekteskap med 0 og 1 barn auka frå 1920 til 1946, men har sidan minka att. Mønsteret er her nett det motsette av det for 4-barnsfamiliane.

I slutningane frå tabellane 2 og 3 er det nødvendig å ta vesentlege atterhald. Biletet av det gjennomsnittlege barnetalet er skipla av aldersfordelinga åt ekteskapa. Inneheld den undersøkte populasjonen av bestående ekteskap forholdsvis mange eldre ekteskap med avslutta barnproduksjon, vil det gjennomsnittlege barnetalet bli høgare enn med eit motsvarande innslag av nystifta ekteskap som enno ikkje har nådd å setja alle sine barn til verda.



I høve til 1930 har ein i 1946 og 1950 noko fleire unge ekteskap som fylgje av oppsvinget i nuptialitet frå slutten av 1930-åra. I 1960 finn vi desse talrikare ekteskapa i dei midtre aldersgruppene og i 1970 i dei høgare. Fallet i talet på ektevigde frå midten av 1950-åra slår ut som ein lågare andel ekteskap av alder 0-4 år i 1960 og 5-14 år i 1970, medan auken i talet på giftarmål frå midten av 1960-åra gjev ein ny oppgang i den yngste aldersgruppa av ekteskap i 1970.

Dette let seg summera opp såleis at i høve til aldersfordelingane frå 1920 til 1950 vil aldersfordelingane i 1960 og 1970 dra barnetalet opp fordi ekteskap med avslutta barneføding då er så mykje sterkare representerte.

Tabell 6. Gjennomsnittleg barnetal. 1920-1970. Direkte og standardrekna tal *Average number of children. 1920-1970. Direct and standardized figures*

År Year	Gjennomsnittleg barnetal <i>Average number of children</i>		Relative tal. 1920=100 <i>Relative figures</i>	
	Direkte rekna	Standard- rekna	Direkte rekna	Standard- rekna
1920 ....	4,02	4,32	100	100
1930 ....	3,45	3,71	86	86
1946 ....	2,52	2,76	63	64
1950 ....	2,40	2,59	60	60
1960 ....	2,28	2,31	57	53
1970 ....	2,24	2,24	56	52

Den forstyrrende innverknaden frå aldersfordelinga let seg fjerna ved standardisering, det vil seia utrekning av nye barnetal med bruk av ei og same aldersfordeling ved alle folketeljingstidspunkta. I tabell 6 er dette gjort med aldersfordelinga frå 1970. Dei relative tala syner utslag i den forventa retninga. Det gjennomsnittlege barnetalet minkar snøggare i etterkrigsåra enn det dei umiddelbare oppgåvene skulle tyda på. Ved beinveges utrekning er fallet frå 1950 til 1970 på 6,7 prosent, medan det utgjer heile 13,5 prosent når ein reinskar bort verknaden av aldersfordelinga.

### 3. Forminga av barnetalet i ekteskapet

Til no har drøftinga samla seg om barnetalet slik det kan observerast i ekteskapet på eit visst kalendertidspunkt. Vi har slege fast at det finst fleire faktorar, først og fremst aldersfordelinga åt ekteskapa, som påverkar dette barnetalet. Oppgåver over observert barnetal har interesse for undersøkingar av familiens økonomi, bustadtilhøve, forbruksmønster osv. Men dei gjev ikkje utan vidare svar på spørsmål om korleis barnetalet i eit gjennomsnittsekteskap veks og til sist festnar seg på eit visst nivå, eller sagt med andre ord: Korleis er fertiliteten i ekteskapet?

Ei kvinne sin reproduksjon vil i dei fleste tilfelle skje i eit tidsrom då to ulike slags periodar i livet hennar overlappar kvarandre: Ein biologisk bestemt, som er den reproduktive eller fruktbare perioden, og ein sosialt bestemt, som er den perioden ho lever i ekteskap.

Den reproduktive perioden avgrensar ein gjerne med tidspunktet for første menstruasjon i puberteten og siste menstruasjon i klimakteriet. For fleirtalet av kvinner i dag vil denne perioden liggja mellom aldrane 12-14 år og 45-50 år, men med vesentleg større avvik frå gjennomsnittet i det siste tilfellet. Endå materialet er sparsamt, ligg det føre vitnemål om at tidspunktet for første menstruasjon har vore fallande gjennom dei siste hundre åra (Ref. 2). Samstundes finst det indisier på ein auke i medelalderen ved siste menstruasjon. Målt innanfor sine yttergrenser skal derfor den reproduktive perioden ha blitt lengd også i vårt undersøkingstidsrom frå 1920 til 1970. Men verknaden av dette på fertiliteten er rimelegvis liten, skal ein døma etter den aldersbestemte fertiliteten i befolkningar som ikkje reduserer sin naturlege fertilitet gjennom barnebegrensing.

Hjå dei stig fertilitetsratene frå eit lågt nivå i tenåra til eit maksimum kort før 25 år, og fell sidan gradvis snøggare og når null mellom 45 og 50 år. Dette mønsteret forklarar ein først og fremst med frekvensen av menstruasjonssyklusar utan eggøysing, og med den aukande andelen sterile kvinner. Utanlandske undersøkingar har gjeve nokså eintydige resultat og viser at om lag 5 prosent av kvinnene er sterile ved 25 års alder, 10 prosent ved 30 år, 15 prosent ved 35 år og 30 prosent ved 40 år. For ein ikkje liten del av kvinnene er altså den verkelege reproduktive perioden vesentleg kortare enn avstanden frå første til siste menstruasjon (Ref. 8, med utførleg bokliste).

Ekteskapsperioden er innrensa mellom giftarmålet og dødsfallet åt den første av ektemakane, eventuelt eit skilsmål. Då denne undersøkinga berre omfattar bestående ekteskap, er det einast giftarmålsalderen som skal granskast her.

Tabell 7. Gjennomsnittsalderen ved giftarmål i femårsperiodar 1901-1970  
*Average age at entering marriage in five-year periods 1901-1970*

År Year	Menn Males	Kvinner Females	År Year	Menn Males	Kvinner Females
1901-05	29,52	26,52	1936-40	30,26	26,79
1906-10	29,83	26,31	1941-45	30,15	26,85
1911-15	29,44	26,17	1946-50	30,40	26,99
1916-20	28,96	25,91	1951-55	29,74	26,33
1921-25	29,39	26,12	1956-60	29,03	25,52
1926-30	29,87	26,42	1961-65	27,84	24,48
1931-35	30,16	26,68	1966-70	26,53	23,75

Tabell 7 viser at giftarmålsalderen var etter måten stabil frå hundreårsskiftet og fram til slutten av andre verdskrigen. Sidan har han falle kraftig, med 3-4 år for begge kjønn. Det vi kan kalla den utnyttede delen av den reproduktive perioden har altså blitt merkbar lenger, og utvidinga er skjedd nett i dei åra då kvinna sin biologiske fødeevne er på det høgaste. Gjennomsnittsekteparet har altså i etterkrigstida fått vesentleg betre vilkår for å verkeleggjere eit ynskt barnetal: Fleire fruktbare år blir levde i ekteskap, dei mest fruktbare åra er no komme med i byrjinga på ekteskapet, og risikoen for innfallande sterilitet tidleg i ekteskapet er dermed blitt mindre. Men slår desse endringane ut i eit barnetal som veks snøggare og når eit høgare sluttnivå enn før?

Tabell 8 syner korleis barnetalet aukar i takt med ekteskapets alder ved kvart av dei seks folketeljningstidspunkta frå 1920 til 1970. Hovudtrendensen i tidsrommet har vore eit måtehaldent fall i barnetalet slik det kan avlesast gjennom dei første 10 år av ekteskapet, og eit gradvis tiltakande fall etter kvart som ein flytter seg høgare oppetter i ekteskapsalder. I ekteskap som har vara i 25-30 år ligg barnetalet i 1970 heilt nede på kring 45 prosent av nivået i 1920, mot tilsvarande tal på 83 og 71 prosent for ekteskap som har vara 5 og 10 år. Desse endringane har skjedd i tre fasar. Fram til 1946 er det nedgang i barnetalet på alle alderssteg, og særleg sterkt i ekteskap som har vara frå 10 til 20 år. Frå 1946 til 1960 kan ein observera eit omslag til svak auke gjennom aldersstega opp til 10 år, men eit vidare fall i dei høgare aldrane. Frå 1960 til 1970 er det eit skifte til klar auke i barnetalet. No når auken like opp til ekteskap av 18 års alder, og nedgangen i dei høgare aldrane er svekka. Vi får altså inntrykk av at barnetalet etter krigen har vakse raskare gjennom dei første ekteskapsåra, men også stabilisert seg tidlegare og tilsynelatande på eit lågare nivå enn i mellomkrigstida.



Tabell 8. Gjennomsnittleg barnetal etter ekteskapets alder. 1920-1970 *Average number of children by duration of marriage. 1920-1970*

Ekteskapets alder Duration of marriage	Gjennomsnittleg barnetal Average number of children						Auke+ Nedgang- Increase+ Decrease-					
	1920	1930	1946	1950	1960	1970	1920-1930	1930-1946	1946-1950	1950-1960	1960-1970	1920-1970
0 år <i>year</i>	0,45	0,28	0,24	0,22	0,25	0,26	-0,17	-0,04	-0,02	+0,03	+0,01	-0,19
1 " "	0,83	0,63	0,63	0,59	0,67	0,67	-0,20	-	-0,04	+0,08	-	-0,16
2 " <i>years</i>	1,13	0,93	0,91	0,83	0,94	0,97	-0,20	-0,02	-0,08	+0,11	+0,03	-0,16
3 " "	1,47	1,19	1,10	1,05	1,16	1,24	-0,28	-0,09	-0,05	+0,11	+0,08	-0,23
4 " "	1,78	1,40	1,28	1,24	1,38	1,49	-0,38	-0,12	-0,04	+0,14	+0,11	-0,29
5 " "	2,05	1,62	1,44	1,45	1,54	1,70	-0,43	-0,18	+0,01	+0,09	+0,16	-0,35
6 " "	2,32	1,84	1,58	1,63	1,68	1,87	-0,48	-0,26	+0,05	+0,05	+0,19	-0,45
7 " "	2,54	2,04	1,70	1,76	1,78	2,01	-0,50	-0,34	+0,06	+0,02	+0,23	-0,53
8 " "	2,77	2,27	1,80	1,87	1,89	2,12	-0,50	-0,47	+0,07	+0,02	+0,23	-0,65
9 " "	3,04	2,47	1,89	1,99	1,96	2,20	-0,57	-0,58	+0,10	-0,03	+0,24	-0,84
10 " "	3,23	2,62	1,94	2,05	2,02	2,29	-0,61	-0,68	+0,11	-0,03	+0,27	-0,94
11 " "	3,50	2,77	2,06	2,13	2,06	2,33	-0,73	-0,71	+0,07	-0,07	+0,27	-1,17
12 " "	3,69	2,93	2,13	2,20	2,10	2,40	-0,76	-0,80	+0,07	-0,10	+0,30	-1,29
13 " "	3,88	3,18	2,20	2,23	2,15	2,41	-0,70	-0,98	+0,03	-0,08	+0,26	-1,47
14 " "	4,09	3,31	2,27	2,26	2,18	2,42	-0,78	-1,04	-0,01	-0,08	+0,24	-1,67
15 " "	4,28	3,47	2,33	2,33	2,26	2,43	-0,81	-1,14	-	-0,07	+0,17	-1,85
16 " "	4,52	3,65	2,36	2,37	2,35	2,43	-0,87	-1,29	+0,01	-0,02	+0,08	-2,09
17 " "	4,62	3,78	2,43	2,41	2,39	2,41	-0,84	-1,35	-0,02	-0,02	+0,02	-2,21
18 " "	4,81	3,88	2,52	2,44	2,42	2,44	-0,93	-1,36	-0,08	-0,02	+0,02	-2,37
19 " "	4,92	4,08	2,61	2,48	2,47	2,41	-0,84	-1,47	-0,13	-0,01	-0,06	-2,51
20 " "	5,09	4,17	2,66	2,49	2,47	2,40	-0,92	-1,51	-0,17	-0,02	-0,07	-2,69
21 " "	5,19	4,39	2,74	2,50	2,47	2,37	-0,80	-1,65	-0,24	-0,03	-0,10	-2,82
22 " "	5,27	4,46	2,81	2,60	2,48	2,36	-0,81	-1,65	-0,21	-0,12	-0,12	-2,91
23 " "	5,32	4,57	2,92	2,67	2,48	2,36	-0,75	-1,65	-0,25	-0,19	-0,12	-2,96
24 " "	5,45	4,65	3,05	2,71	2,45	2,37	-0,80	-1,60	-0,34	-0,26	-0,08	-3,08
25 " "	5,58	4,73	3,14	2,76	2,51	2,42	-0,85	-1,59	-0,38	-0,25	-0,09	-3,16
26 " "	5,60	4,85	3,28	2,86	2,49	2,47	-0,75	-1,57	-0,42	-0,37	-0,02	-3,13
27 " "	5,64	4,89	3,32	2,95	2,51	2,49	-0,75	-1,57	-0,37	-0,44	-0,02	-3,15
28 " "	5,66	5,00	3,43	3,08	2,53	2,53	-0,66	-1,57	-0,35	-0,55	-	-3,13
29 " "	5,71	5,08	3,62	3,18	2,55	2,56	-0,63	-1,46	-0,44	-0,63	+0,01	-3,15
30 " "	5,71	5,10	3,76	3,29	2,54	2,55	-0,61	-1,34	-0,47	-0,75	+0,01	-3,16
31 " "	5,89	5,17	3,82	3,33	2,60	2,55	-0,72	-1,35	-0,49	-0,73	-0,05	-3,34
32 " "	5,89	5,38	3,97	3,48	2,63	2,57	-0,51	-1,41	-0,49	-0,85	-0,06	-3,32
33 år og over <i>years and over</i>	6,39	5,85	4,94	4,57	3,57	2,90	-0,54	-0,91	-0,37	-1,00	-0,67	-3,49
I alt <i>Total</i>	4,02	3,45	2,52	2,40	2,28	2,24	-0,57	-0,93	-0,12	-0,12	-0,04	-1,78

Når ein likevel må vera varsam med å dra slike slutningar av tabell 8, kjem det av at kolonnene for dei einskilde folketeljningane eigentleg fortel om tilstanden i 34 ulike giftarmålskull slik han var på teljingstidspunktet. Men kvart av desse kulla har si eiga historie, og ei slik samanstilling gjev då ofte eit noko anna bilete enn det som teiknar seg når ein fylgjer dei einskilde giftarmålskulla over tid. No vil eit kull som det frå 1920 vera registrert som 0 år i teljinga det året, som 10 år i 1930, som 26 år i 1946 og som 30 år i 1950. Ut av tabell 8 er det altså råd å henta ein del punktopplysningar som kan kasta noko lys over historia til einskilde ekteskapskull. Resultata for nokre slike kull er gjevne i tabell 9.

Tabell 9. Gjennomsnittleg barnetal etter giftarmålskull og ekteskapets alder 1920-1970 *Average number of children by year of entering marriage and by duration of marriage 1920-1970*

Giftarmålskull <i>Year of entering marriage</i>	Ekteskapets alder i år <i>Duration of marriage (years)</i>					
	5	10	15	20	25	30
1900 .....	.	.	.	5,09	.	5,10
1910 .....	.	3,23	.	4,17	.	3,76 <sup>1)</sup>
1915 .....	2,05	.	3,47	.	.	3,76 <sup>1)</sup>
1920 .....	.	2,62	.	.	3,14 <sup>1)</sup>	3,29
1925 .....	1,62	.	.	2,66 <sup>1)</sup>	2,76	.
1930 .....	.	.	2,33 <sup>1)</sup>	2,49	.	2,54
1935 .....	.	1,94 <sup>1)</sup>	2,33	.	2,51	.
1940 .....	1,44 <sup>1)</sup>	2,05	.	2,47	.	2,55
1945 .....	1,45	.	2,26	.	2,42	.
1950 .....	.	2,02	.	2,40	.	.
1955 .....	1,54	.	2,43	.	.	.
1960 .....	.	2,23	.	.	.	.
1965 .....	1,70	.	.	.	.	.

1) Eigentleg giftarmålskullet frå året etter det oppgjevne.

1) *Precisely the year after. (Refer to the 1946-census).*

Ser ein først på det oppnådde barnetalet etter 20, 25 eller 30 års ekteskap, finn ein igjen nedgangen frå tabell 8: Kullet av gifte frå 1900 endar på over 5 barn i medel, medan dei første etterkrigskulla synest å stansa nær 2,5. I røynda nådde sluttbarnetalet dette nivået frå og med giftarmålskullet 1930, og har med andre ord endra seg lite i kulla frå perioden 1930-1950. Men det endelege talet nær 2,5 er oppnådd på noko ulike måtar. Tabell 9 er mangelfull, men det verkar som om kulla frå 1930-åra kom seint i gang med barneavlinga og først i alderssteget 10-20 år henta

igjen det forsømte. Frå uti 1950-åra ser vi ei endring i dette. Dei oppnådde barnetala etter 5 og 10 års ekteskap viser tydeleg auke, men då desse kulla enno ikkje har fullført sin reproduksjon i 1970, kan det av folketeljinga dette året ikkje seiast noko visst om den raske starten i barneavlinga også vil føra til eit høgare sluttbarnetal.

Det som her er påvist om forminga av barnetalet i ulike giftarmålskull, kan studerast i eit større perspektiv ved jamføring mellom tabellane 4, 7 og 10.

Tabell 10. Gjennomsnittleg tal levandefødde pr. år og i høve til folkemengda i femårsperiodar 1901-1970 *Average number of live births per year and in relation to the population in five-year periods 1901-1970*

År <i>Year</i>	Levande- fødde <i>Live births</i>	Pr. 1 000 innb. <i>Per 1 000 population</i>	År <i>Year</i>	Levande- fødde <i>Live births</i>	Pr. 1 000 innb. <i>Per 1 000 population</i>
1901-05	65 202	28,5	1936-40	45 183	15,4
1906-10	61 978	26,4	1941-45	56 067	18,5
1911-15	61 103	25,0	1946-50	65 886	20,6
1916-20	63 249	24,5	1951-55	62 478	18,6
1921-25	60 267	22,2	1956-60	63 021	17,9
1926-30	50 087	18,0	1961-65	63 989	17,5
1931-35	43 342	15,2	1966-70	66 697	17,5

Verknaden av det fallande sluttbarnetalet i ekteskapet viser seg på den alminnelege fødselsrata, som i sitt nivå blir nesten halvert frå 1900 til 1970. Men endringa i tidsfordelinga av fødslane innanfor ekteskapet fører til store utslag frå hovudtrends. "Utsetting" av fødselar i giftarmålsskulla frå 1930-åra gjev eit sterkt fall i fødselstalet. Den seinare "innhentinga", saman med ei framskunding av barnefødinga i giftarmålsskulla frå etterkrigstida, kjem til syne i ein kraftig auke i fødselstalet frå slutten av 1940-åra. Dette oppsvinget vert ytterlegare forsterka av den aukande andelen unge som inngår ekteskap og den fallande giftarmålssalderen. Verdt å nemne er elles samanfallet mellom den lågare giftarmålssalderen og den raskare barneproduksjonen i ekteskapets første år. Her kan ein del av forklaringa vera den biologiske som nett er omtala.

Tabell 3 viste korleis alle beståande ekteskap fordelte seg etter barnetal, og fekk dermed fram spreininga kring gjennomsnittstala frå tabell 2. Men i båd tilfella er altså ekteskap med igangverande og fullført barneavling blanda ihop. I tabell 9 har vi fått fram det gjennomsnittlege barnetalet i ekteskap som har vara i 20 år og altså skulle vera ferdige med si barneføding, og spreininga i barnetal her er framstilt i tabell 11.

Tabell 11. Ekteskap med 20 års alder etter talet på barn. Herads-  
kommunar og bykommunar. 1920-1970. Prosent *Marriages with*  
*duration 20 years by number of children. Rural and urban*  
*municipalities. 1920-1970. Percentages*

	1920	1930	1946	1950	1960	1970
Heile landet <i>The whole country</i>						
0 barn <i>children</i> ....	7,1	9,4	11,6	12,0	10,4	10,2
1 " <i>child</i> .....	6,4	8,7	18,6	20,5	16,8	16,5
2 " <i>children</i> ....	8,7	13,3	24,5	25,7	29,4	30,6
3 " " ....	10,9	14,4	17,8	17,9	21,2	22,3
4 " " ....	11,5	13,2	11,3	10,9	12,0	11,9
5 barn og fleire <i>and more</i> .....	55,4	41,0	16,2	13,0	10,2	8,5
I alt <i>Total</i> .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Heradskommunar <sup>1)</sup> <i>Rural municipalities</i> <sup>1)</sup>						
0 barn .....	7,0	8,5	9,5	9,5	8,8	8,5
1 " .....	5,5	6,9	15,3	16,7	13,0	13,3
2 " .....	7,5	11,5	22,7	23,4	24,4	26,1
3 " .....	9,7	12,9	18,8	19,4	21,8	23,6
4 " .....	11,2	12,9	13,1	13,3	15,7	15,1
5 barn og fleire ....	59,1	47,3	20,6	17,7	16,3	13,4
I alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Bykommunar <sup>1)</sup> <i>Urban municipalities</i> <sup>1)</sup>						
0 barn .....	7,1	11,4	17,1	17,0	12,0	11,5
1 " .....	8,3	13,1	27,2	28,2	20,5	18,8
2 " .....	11,4	17,5	29,2	30,1	34,2	33,7
3 " .....	13,8	17,9	15,2	15,0	20,6	21,5
4 " .....	12,3	13,7	6,9	6,1	8,4	9,6
5 barn og fleire ....	47,1	26,4	4,4	3,6	4,3	4,9
I alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

1) For 1960 og 1970 gjeld fordelinga bymessig og ikkje-bymessig bygde strøk.

1) For 1960 and 1970 urban and non-urban areas.

Mønsteret minner om det som alt er drege ut av tabell 3. Andelen ekteskap med 5 barn eller meir har minka kraftig, andelen med 4 barn lege støtt, medan andelen med 2 eller 3 har vakse frå knapt 20 prosent i 1920 til vel 50 prosent i 1970. I denne heller rettlina utviklinga står ekteskap med færre enn 2 barn i noko av ei særstilling: Eitt-barnsekteskapa auka sterkt frå 1930 til 1950, altså i dei kulla som byrja sin barneproduksjon langsamt i slutten av mellomkrigstida. Ved teljingane i 1960 og 1970 er andelen fallande igjen og viser at kulla frå under og etter krigen

har gått høgare opp i barnetal, til 2 eller 3 i dei fleste. Når det gjeld dei barnlause ekteskapa, veit vi at mange er komne i denne stoda av sterilitetsgrunnar. Ut frå giftarmålsalderen skulle det vera rimeleg å rekna med 5-10 prosent sterile ekteskap (dvs. ekteskap der kvinna og/eller mannen er steril) i kulla fram til 1945, og ein noko minkande prosent utover i etterkrigstida i takt med at ekteskap no vert inngåtte i gradvis lågare alder. Teljingane frå 1950 syner nok eit slikt fall, men nivået ligg framleis over det i 1920 og 1930 og så høgt at ein må kunna anslå at omtrent halvparten av desse ekteskapa er barnlause av andre årsaker enn dei biologiske.

Tabell 11 gjev også data for bygder og byar kvar for seg. Fram til 1950 går konsentrasjonen kring 2 og 3 barn vesentleg seinare i bygdene enn i byane, men er på same kurs. Så skil utviklingslinene lag: På bygdene aukar stadig gruppene av ekteskap med 2 og 3 barn på kostnad av alle dei andre, men seinare enn før. I byane ser ein ikkje berre ein viss oppgang i andelen ekteskap med meir enn 3 barn, men også ein iaugefallande tilbakegang i andelen med 0 eller 1 barn. Medan ein etter 1950 har vore vitne til ei stabilisering i det gjennomsnittlege endelege barnetalet på bygdene, har ein i byane hatt ein regelrett snunad til auke. Kor stor del av denne auken som kan tilbakeførast til dei nye geografiske definisjonane frå og med folketeljinga i 1960, er usikkert.

Det som først og fremst skil giftarmålskulla frå 1930-åra og etterkrigstida frå kvarandre, er altså skiftet til ein snøggare vekst i barnetalet i ekteskapets første år. Om dette nye mønsteret har halde seg ubrigda like opp i den seinaste tid, er undersøkt i tabellane 12, 13 og 14.

Emnet for tabell 12 er førstefødselen og tidsplasseringa av han i høve til giftarmålstidspunktet. Gjennom dei tre gruppene av giftarmålskull frå 1956 til 1970 synest det å gjera seg gjeldande ein svak tendens til å leggja førstefødselen stadig tidlegare i ekteskapet. Førstefødselar i same kalenderår som giftarmålet blir noko vanlegare i alle aldersgrupper av mødrer, og frå 1956-60 til 1961-65 kan ein sjå at også fleire førstefødselar skjer i det første kalenderåret etter giftarmålet, og færre seinare. Tabell 12 tyder altså på at det stadig pågår ei framskundning av fødslane i ekteskapet.

Den svært store andelen førstefødselar som skjer alt i same kalenderår som giftarmålet, særleg av mødrer under 25 år, vitnar om at mange svangerskap må vera påbyrja før ekteskapet, og kanskje jamvel vore noko av tildrivet til å inngå ekteskap.

Tabell 12. Førstefødsler i ekteskap inngått 1956-1970<sup>1)</sup>, etter tida frå giftarmålsåret. Rekna i grupper etter giftarmålsår og giftarmålsalderen åt mora, som prosent av ekteskapa i kvar gruppe *First births by time from year of marriage in marriages contracted 1956-1970<sup>1)</sup>, in groups by year of marriage and age of mother at marriage, as percentage of number of marriages in each group*

Giftarmålsår og giftarmålsalderen åt mora <i>Year of marriage and age of mother at marriage</i>	Ekteskap <i>Marriages</i>	Førstefødsler i prosent av ekteskap (etter fødselsår - giftarmålsår) <i>First births as percentage of marriages (after year of birth - year of marriage)</i>									
		0 år <i>years</i>	1 år <i>year</i>	2 år <i>years</i>	3 år <i>years</i>	4 år <i>years</i>	5 år <i>years</i>	6 år <i>years</i>	7 år <i>years</i>	8 år og <i>years and more</i>	
Giftarmålsår 1956- 1960 i alt <i>Year of marriage 1956-1960, total</i> .....	109 188	23,9	37,0	11,7	5,3	2,9	1,7	1,1	0,8	1,4	
Under 18 år <i>years</i>	2 146	43,4	49,0	3,1	1,4	0,7	0,3	0,3	0,2	0,3	
18-20 år <i>years</i> .	24 798	36,8	43,6	8,0	3,1	1,6	1,0	0,6	0,4	1,0	
21-24 " " .	39 908	24,6	39,7	13,5	6,3	3,6	2,0	1,3	0,9	1,7	
25-29 " " .	22 401	17,6	36,8	15,4	7,2	4,0	2,3	1,5	1,2	2,2	
30-34 " " .	9 116	15,8	32,3	13,1	6,5	3,3	2,0	1,4	0,9	1,5	
35-39 " " .	4 997	12,8	23,9	10,2	4,3	2,4	1,4	0,7	0,4	0,3	
40 år og over <i>years and over</i>	5 822	3,5	4,6	1,7	0,7	0,2	0,2	0,1	0,6	0,0	
Giftarmålsår 1961- 1965 i alt .....	114 733	25,5	38,3	10,9	4,9	2,6	1,5	.	.	.	
Under 18 år .....	2 705	42,7	50,7	2,9	0,9	0,6	0,3	.	.	.	
18-20 år .....	32 755	36,4	44,7	7,7	2,9	1,5	0,9	.	.	.	
21-24 " .....	45 620	24,4	39,9	13,4	6,4	3,4	2,0	.	.	.	
25-29 " .....	18 149	18,5	37,3	14,3	6,5	3,5	2,2	.	.	.	
30-34 " .....	6 027	16,8	32,0	12,1	5,8	3,1	2,0	.	.	.	
35-39 " .....	3 499	13,3	22,3	10,8	3,4	2,2	1,2	.	.	.	
40 år og over ...	5 978	3,4	3,3	1,3	0,5	0,2	0,1	.	.	.	
Giftarmålsår 1966- 1970 i alt .....	136 281	25,6	.	.	.	.	.	.	.	.	
Under 18 år .....	2 955	43,6	.	.	.	.	.	.	.	.	
18-20 år .....	37 638	37,6	.	.	.	.	.	.	.	.	
21-24 " .....	62 758	23,3	.	.	.	.	.	.	.	.	
25-29 " .....	19 921	17,7	.	.	.	.	.	.	.	.	
30-34 " .....	5 028	16,5	.	.	.	.	.	.	.	.	
35-39 " .....	2 460	13,3	.	.	.	.	.	.	.	.	
40 år og over ...	5 521	2,6	.	.	.	.	.	.	.	.	

1) Ikkje medrekna ekteskap med uoppgeve giftarmålsår/barnetal og ekteskap der det ikkje er samsvar mellom oppgåvene over barnetal og opplysningane om fødselsåret åt barna.

1) *Marriages with year of marriage/number of children unknown and marriages for which the information on number of children and on the years of birth of the children do not correspond, are excluded.*

Folketeljings skjemaene gjev berre kalenderår for giftarmål, men ved å dra inn opplysningane om barn i familiar der alle barn er heimeverande, kan ein skaffa fødselsdato på førstefødde barn og dermed vinna grunnlag for fylgjande undersøking: Førstefødde som er komne til i september skal i sitt fleirtal vera konsiperte i desember året før. Er då giftarmålet inngått i same kalenderår som førstefødselen, kan ein tolleg sikkert hevda at svangerskapet byrja før giftarmålet. Forsøket er gjort i tabell 13.

Tabell 13. Førstefødselar i september i 1956-1970 (absolutte tal) og av desse i ekteskap inngått same år (prosent) *First births in September 1956-1970 (total number) and of which births referring to marriages contracted the same year (percentage)*

Giftarmåls- alder <i>Age at marriage</i>	1956-1960		1961-1965		1966-1970	
	Av desse i Første- ekteskap fødselar inngått i sep- tember <i>First Of which in births marriages in Sep- tember contracted the same year. Pct.</i>		Første- fødselar i sep- tember	Av desse i ekteskap inngått same år. Pst.	Første- fødselar i sep- tember	Av desse i ekteskap inngått same år. Pst.
Under 18 år <i>years</i> .....	143	84,6	187	90,4	203	86,2
18-20 år <i>years</i>	1 956	69,4	2 564	65,7	3 153	68,5
21-24 " "	2 845	49,2	3 559	44,6	4 670	46,7
25-29 " "	1 501	34,7	1 291	32,0	1 270	33,7
30 år og over <i>years and over</i> .....	746	35,8	548	26,8	374	31,0
Alle aldrar <i>All ages</i> ....	7 191	51,0	8 149	49,1	9 670	52,3

Etter dette materialet å døma er andelen førektekapelege konsepsjonar så høg som 85-90 prosent for kvinner under 18 år og stadig så høg som rundt 30 prosent for kvinner på 30 år og over. Noko uvisse knyter seg til spørsmålet om desember er ein representativ konsepsjonsmånad, så prosentane bør ikkje tena som meir enn ein peikepinn. Tryggare skulle tabellen vera når det gjeld utviklinga over tid, og i så måte er det å seia at det ikkje let seg spora nokon eintydig nedgang i andelen førektekapelege konsepsjonar i rekkja av giftarmålsskull frå 1956 til 1970.

Tabell 12 og 13 har gjeve opplysningar om førstefødselar, altså den aller første starten på danninga av barnetalet i familien. I tabell 14 er synsfeltet vesentleg utvida. Her er ikkje berre seinare fødselar komne med, men også dei ikkje minst viktige ekteskapa utan barn.

Tabell 14. Levandefødde pr. 1 000 gifte kvinner kring folketeljingane i 1950, 1960 og 1970 i grupper for alder til kvinna og tid i ekteskap *Live births per 1 000 married women around the population censuses in 1950, 1960 and 1970 by age of woman and duration of marriage*

Tid i ekteskap <i>Duration of marriage</i>	20-24 år <i>years</i>			25-29 år <i>years</i>			30-34 år <i>years</i>			35-39 år <i>years</i>			40-44 år <i>years</i>		
	1949- 1952	1959- 1962	1969- 1972	1949- 1952	1959- 1962	1969- 1972	1949- 1952	1959- 1962	1969- 1972	1949- 1952	1959- 1962	1969- 1972	1949- 1952	1959- 1962	1969- 1972
	0- 1 år <i>year</i> .....	373	400	340	300	325	279	276	278	262	218	211	208	107	102
2- 4 " <i>years</i> .....	240	300	286	220	243	225	197	208	183	159	154	143	78	72	53
5 " " .....				203	206	191	184	173	149	155	129	112	81	58	41
6 " " .....				175	188	164	177	153	130	154	111	94	80	45	32
7 " " .....				152	176	145	143	135	110	121	101	80	62	47	35
8 " " .....				135	158	126	127	122	99	104	84	68	59	38	26
9 " " .....				132	155	129	115	113	88	93	84	56	55	40	21
10 " " .....							101	102	76	81	71	52	47	34	20
11 " " .....							109	99	72	83	68	49	48	31	20
12 " " .....							105	90	67	84	58	45	47	31	18
13 " " .....							94	88	63	74	56	39	36	26	15
14 " " .....							90	86	61	74	52	36	37	24	12
15 " " .....										64	55	32	38	23	13
16 " " .....										64	50	30	36	23	10
17 " " .....										62	43	32	33	21	10
18 " " .....										57	45	30	31	20	9
19 " " .....										53	43	28	29	19	9



Tabellen nyttar data frå den ordinære fødselsstatistikken for åra 1969-1972. Desse fødslane er fordelte etter moras alder og ekteskapstid for kvart år i ein treårsperiode. Så har ein laga eit gjennomsnittstal for treårsperioden. Dette gjennomsnittstalet er sett i forhold til talet på gifte kvinner i dei ulike gruppene av alder og ekteskapstid ved folketeljinga midt i treårsperioden. Då dei fleste kvinner inngår ekteskap i alderen 20-30 år, er det den kortare ekteskapstid i desse aldersgruppene og den tilsvarande lengre i dei høgare aldersgruppene som har størst krav på interesse. Tabellen viser for det første at yngre kvinner med få års ekteskap bak seg har ein merkbart lågare fertilitet i 1970 enn i 1960, ja, han er endå komen ned under nivået i 1950. Når forklaringa på dette ikkje var å finna i tidspunktet for førstefødslane (tab. 12 og 13), må ho søkjast dels i ein nedgang i fødslane med rangnummer to eller høgare, og dels i ein auke i andelen gifte kvinner utan barn i det heile. For det andre viser tabellen at fertiliteten relativt sett har falle om mogeleg endå sterkare blant eldre kvinner med lengre ekteskapstid bak seg, og i så måte dannar perioden 1960-1970 framhaldet på ei utvikling som alt var i gang i tiåret før. Her dreier det seg om kvinner som byrja sitt ekteskap og sin reproduksjon i tidsrommet 1945-1960, altså dei same som tidleg i ekteskapet fekk fleire barn enn giftarmålskulla frå 1930-1945. I dette ligg ein peikpinn om at desse etterkrigskulla har redusert fertiliteten sin så sterkt mot slutten av den reproduktive perioden at dei likevel ikkje vil koma ut med eit høgare sluttbarnetal enn kulla frå mellomkrigstida - jfr. tabell 9.

Med tabell 14 kan ein hevda at 1970-folketeljinga set oss på sporet av eit viktig vendepunkt i utviklinga av den ekteskapelege fertilitet i Norge. Ein gong i løpet av 1960-åra har det skjedd ei markert åtferdsending: Dei nye giftarmålskulla byrja si ekteskapstid med ei klart lågare barneføding enn tilsvarande i kulla frå 1945-1960. Desse kulla igjen har samstundes gjennomført ei kraftig nedskjering av fødslane i siste del av si ekteskapstid. 1960-åra har med andre ord innevarsla eit omslag, ein fertilitetsnedgang som har råka alle gifte kvinner utan omsyn til alder eller ekteskapstid.

## 4. Barnetalet i ekteskapet etter sosiale kjenneteikn

I kapittel 2 og 3 er barnetalet studert etter det ein kunne kalla demografiske kjenneteikn, som alder til kvinna, ekteskapets alder, giftarmålsalder, giftarmålstidspunkt. Men ved sida av desse kan ein dra fram ei rad sosiale kjenneteikn: Geografisk inndeling, busetnadstype, yrke, grad av yrkesdeltaking, utdanning. Emnet for kapittel 4 er samanhengen mellom barnetalet i ekteskapet og desse sosiale kjenneteikna.

Tabell 15. Gjennomsnittleg barnetal. Heradskommunar fylkesvis og bykommunar. 1920-1970 *Average number of children. Rural municipalities by county, and urban municipalities. 1920-1970*

	1920	1930	1946	1950	1960	1970
Heradskommunar i alt <i>Rural municipalities,</i> <i>total</i> .....	4,23	3,70	2,76	2,68	2,69 <sup>1)</sup>	2,63 <sup>1)</sup>
Østfold .....	4,17	3,56	2,53	2,39	2,17	2,34 <sup>1)</sup>
Akershus .....	3,80	3,13	2,23	2,11	1,95	2,16 <sup>1)</sup>
Hedmark .....	4,47	4,04	2,94	2,79	2,54	2,46 <sup>1)</sup>
Oppland .....	4,39	3,87	2,88	2,72	2,52	2,48 <sup>1)</sup>
Buskerud .....	4,20	3,71	2,56	2,40	2,23	2,22 <sup>1)</sup>
Vestfold .....	3,81	3,25	2,34	2,22	2,12	2,30 <sup>1)</sup>
Telemark .....	4,04	3,55	2,60	2,47	2,30	2,42 <sup>1)</sup>
Aust-Agder .....	4,22	3,84	2,84	2,74	2,58	2,56 <sup>1)</sup>
Vest-Agder .....	4,40	3,96	2,96	2,84	2,62	2,67 <sup>1)</sup>
Rogaland .....	4,51	4,12	3,04	2,87	2,73	2,89 <sup>1)</sup>
Hordaland .....	4,31	3,88	2,95	2,83	2,69	2,90 <sup>1)</sup>
Sogn og Fjordane .....	4,65	4,13	3,19	3,05	2,90	2,91 <sup>1)</sup>
Møre og Romsdal .....	4,21	3,87	2,97	2,88	2,77	2,84 <sup>1)</sup>
Sør-Trøndelag .....	4,03	3,66	2,72	2,59	2,40	2,62 <sup>1)</sup>
Nord-Trøndelag .....	4,02	3,61	2,78	2,72	2,68	2,74 <sup>1)</sup>
Nordland .....	4,59	4,08	3,04	2,96	2,84	2,87 <sup>1)</sup>
Troms .....	4,64	4,21	3,22	3,11	2,93	2,96 <sup>1)</sup>
Finmark .....	4,40	4,00	3,34	3,25	3,15	3,20 <sup>1)</sup>
Bykommunar i alt <i>Urban municipalities, total</i> .	3,49	2,82	1,93	1,84	1,86 <sup>2)</sup>	1,95 <sup>2)</sup>
Oslo .....	3,10	2,29	1,54	1,52	1,50	1,56 <sup>2)</sup>
Bergen .....	3,57	2,89	2,07	2,07	2,03	2,00 <sup>2)</sup>
Trondheim .....	3,46	2,92	1,81	1,94	1,88	1,92 <sup>2)</sup>
Andre bykommunar <i>Other urban municipalities</i> ..	3,70	3,12	2,16	2,08	2,01	2,06 <sup>2)</sup>
Heile landet <i>The whole country</i> .....	4,02	3,45	2,52	2,40	2,28	2,24

1) Talet gjeld ikkje-bymessig bygde strøk. 2) Talet gjeld bymessig bygde strøk.

1) *Non-urban areas.* 2) *Urban areas.*

Tabell 15 viser det gjennomsnittlege barnetalet etter inndelingar i bygder/byar og i fylke. Barnetalet har lege langt høgare på bygdene enn i byane i heile tidsrommet frå 1920 til 1970. Men frå 1960 til 1970 har skilnaden for første gong skrumpa merkbart ihop (sjå kapittel 2).

For bygdene viser underinndelinga i fylke at den sterke nedgangen frå teljing til teljing har stansa opp etter 1960, og i 14 av 18 fylke blitt fylgd av ein svak oppgang. Det same viser oppgåvene for dei einskilde byane. Men ved finlesing vil ein oppdaga at utviklinga i barnetalet på dei ulike inndelingsnivå (fylke/byar - bygd/by - heile landet) rimar dårleg ihop. Dette skuldast den før omtala overgangen til nye geografiske definisjonar i 1960. I tabell 15 er dei nye definisjonane innførte i samletala for bygder og byar i 1960, men først i 1970 også i underinndelingane fylke og einskildbyar. Då desse definisjonane i seg sjølve vil verka til å heva barnetalet i alle typar inndelingar (kapittel 2), blir det svært vanskeleg å døma om kva som eigentleg kan ha skjedd med barnetalet frå 1960 til 1970. Truleg har det halde fram med å falla overalt på bygdene, medan det har stabilisert seg eller auka litt i byane. Skiftet til nye definisjonar skaper også vanskar for utlesinga av dei regionale skilnadene i barnetalet, men dei synest ikkje å ha endra seg mykje frå 1960 til 1970. Bygde-Norge let seg dela i to: Austlandsfylka har eit medels barnetal i 1970 mellom 2,16 og 2,48, medan resten av landet ligg mellom 2,56 og 3,20. Her skil Finnmark seg ut som det einaste fylket over 3, medan dei andre nordnorske fylka og vestlandsfylka frå Rogaland til Møre og Romsdal dannar ei gruppe med høgare barnetal enn Agder- og Trøndelagsfylka. Dette landsmønsteret har forma seg etter 1945, men let seg i nokre hovudtrekk spora attende til siste del av mellomkrigstida. Heller ikkje blant byane har det skjedd store forskyvingar i 1970. I barnetal ligg Oslo stadig klart under resten av byane. Desse på si side synest å danna ei temmeleg einsarta gruppe.

Alt i alt lyt det understrekast at tabell 15 er av mindre verdi som kjelde til utviklinga av barnetalet i dei to ulike busetnadstypene. Til og med 1950 er det brukt ein reint juridisk-administrativ definisjon som i regelen berre reknar dei gamle bykjernane under by, og let forstader og tettstader gå som bygd. I 1960 er dei nye geografiske definisjonane berre delvis gjennomførte i tabellen, noko som vanskeleggjer samanlikning til begge kantar. 1970-teljinga er den einaste som nyttar dei nye definisjonane fullt ut.

Verknaden som kjenneteiknet busetnadstype vil ha på barnetalet, vil vera ihopvevd med merknaden av heile rekkja av andre sosiale kjenneteikn, forutan dei demografiske. Men før denne samverknaden kan utgreiast nærare, er det nødvendig å sjå isolert på eit anna sosialt kjenneteikn, nemleg yrke.

Tabell 16. Gjennomsnittleg barnetal i ulike økonomiske grupper. Kvinner gifte i 18 år eller meir og med giftarmsalder 20-29 år. 1930-1970 *Average number of children in different economic groups. Women married 18 years or more and aged 20-29 years at marriage. 1930-1970*

Økonomisk gruppe <sup>1)</sup> <i>Economic group<sup>1)</sup></i>	Gjennomsnittleg barnetal <i>Average number of children</i>					Relative tal 1970 <i>Relative figures</i>		
	1930	1946	1950	1960	1970	1930 =100	1950 =100	1960 =100
	1. Jordbrukarar m.v. <i>Farmers etc.</i> . . . . .	5,86	4,84	4,48	3,84	3,48	59	78
2. Jordbruksarbeidarar m.v. <i>Farm workers etc.</i> . . . . .	6,16	4,54	4,19	3,32	3,01	49	72	91
3. Fiskarar m.v. <i>Fishermen etc.</i> . . . . .	6,01	4,84	4,53	3,93	3,65	61	81	93
4. Industriarbeidarar m.v. <sup>2)</sup> <i>Manufacturing workers etc.</i> . . . . .	(5,16)	(3,43)	(3,14)	2,60	2,58	50	82	99
5. Bygge- og anleggsarbeidarar m.v. <i>Construction workers etc.</i> . . . . .	5,39	3,82	3,46	2,82	2,78	52	80	99
6. Skipsbefal <i>Ship's officers</i> . . . . .	4,22	3,00	2,77	2,69	2,83	67	102	105
7. Skipsmannskap <i>Ship's crew</i> . . . . .	4,83	3,53	3,30	3,14	3,07	64	93	98
8. Bedriftsleiarar og høgare adm. funksjonærar i industri m.v. <i>Managers and adm. civil servants in manufacturing etc.</i> . . . . .	4,09	3,00	2,83	2,61	2,64	65	93	101
9. Detaljistar og sjølvst. elles i industri m.v. <i>Retailers and other employers in manufacturing etc.</i> . . . . .	4,56	3,23	2,97	2,73	2,73	60	92	100
10. Kontorfunksjonærar, butikkfunksjonærar m.v. <i>Clerical workers, sales workers etc.</i> . . . . .	4,04	2,52	2,47	2,30	2,39	59	97	104
11. Sjølvst. i off. og priv. tenesteyting og høgare adm. funksjonærar i off. adm. og off. og priv. tenesteyting <i>Employers in community and business services and adm. civil servants in government, community and business services</i> . . . . .	3,42	2,72	2,70	2,48	2,66	78	99	107
12. Fagfunksjonærar i off. adm. og privat tenesteyting <i>Professional servants in government, community and business services</i> . . . . .	4,42	3,22	3,02	2,67	2,63	60	87	99
13. Andre yrkesaktive <i>Others, economically active</i> . . . . .	4,68	2,99	2,62	2,58	2,46	53	94	95
14. Formue, pensjon m.v. <i>Pensioners etc.</i> . . . . .	5,54	4,67	4,63	3,85	3,13	56	68	81
15. Yrkesaktive gifte kvinner <i>Economically active married women</i> . . . . .	5,15	3,15	2,36	2,12	2,44	47	103	115

1) Kvinner som ikkje har eige arbeid som viktigaste kjelde til livsopphald, er klassifiserte etter ektefellens økonomiske gruppe, gruppe 1-14. Gruppe 1-13 omfattar kvinner med ektefelle som har inntekt av eige arbeid som viktigaste kjelde til livsopphald, medan gruppe 14 er ei restgruppe som er av lita interesse ved samanlikning. Til gruppe 15 er rekna gifte kvinner som sjølve har inntekt av eige arbeid som viktigaste kjelde til livsopphald. 2) Tala i parentes er utrekna på grunnlag av gjennomsnittstal for handverk- arar og fabrikkarbeidarar.

1) Women not having income from own work as main source of livelihood are classified to the economic group of the spouse, group 1-14. The groups 1-13 comprise women whose spouse has income from own work as main source of livelihood, while group 14 is a rest-group which is of less interest for comparison. Group 15 includes married women with income from own work as main source of livelihood. 2) The figures in brackets are calculated on the basis of averages for handicraftsmen and factory workers.

Ekteskapa i tabell 16 er tekne ut etter fylgjande demografiske kjenne-teikn: Kvinnene skal vera gifte i alderen 20-29 år og ekteskapet ha vara i 18 år eller meir. Dermed har ein fått ut ekteskap som stort sett kan reknast som ferdige med sin barnproduksjon, og som har hatt omtrent dei same biologiske vilkår for å nå eit gjeve barnetal. Ein vil leggja merke til at dei undersøkte ektepara ved kvar enkelt teljing vil vera dei som hadde sitt fødselsmaksimum i tidsrommet frå 25 til 10 år før teljinga. I 1970 er det altså foreldra frå 1945-60 som er undersøkte. Ved sjølve yrkesinndelinga er det så mannens yrke som er lagt til grunn. Einast i dei tilfella der kvinna si inntekt utgjorde den viktigaste kjelda til livsopphald, er ekteskapet plassert i gruppe 15, gifte yrkesaktive kvinner. Ein vil allment merka seg at yrkesgruppene i denne og dei fylgjande tabellane er gjevne ei utforming som framhevar dei sosio-økonomiske skilnadene. Av den grunn nyttar tabellane den meir korrekte nemninga "økonomisk gruppe", medan vi her i teksten vil halda fram med å tala om yrke og yrkesgruppe.

Det framgår av tabell 16 at i heile perioden frå 1930 til 1970 har barnetalet lege høgast i yrke tilknytte jordbruk, fiske og sjøfart, og lågast i yrke innanfor privat og offentleg tenesteyting. Men gjennom etterkrigstida har tilsynelatande ein utjammingsprosess pågått. Frå 1950 til 1960 viste dette seg i at barnetalet fall snøggast i yrkesgruppene med flest barn, og frå 1960 til 1970 ved at nedgangen i desse gruppene heldt fram samstundes som ein oppgang brått melde seg i fleire av dei andre. Skilnaden i barnetal mellom yrkesgruppene på fløyane, fiskarane på den eine og kontor- og butikkfunksjonærane på den andre, minka frå 2,06 i 1950 til 1,63 i 1960 og vidare til 1,26 i 1970. Avstanden er likevel framleis stor.

Tabell 17 supplerar tabell 16 ved at barnetalet her er registrert på to punkt i ekteskapstida, nemleg 10 og 17 år etter giftarmålsåret. Eit gjennomgåande trekk ved tabellen er den større spreidinga yrkesgruppene imellom ved 17 enn ved 10 års ekteskap. Likevel er det meste av den endelege skilnaden mellom yrka til stades alt etter 10 års ekteskap. Tidsavstanden mellom fødslane er såleis like viktig for det endelege barnetalet som tidspunktet for siste fødsel i ekteskapet.

Under den øvrige tolkinga av tabell 17 er det viktig å vera klar over at barnetalet etter 10 og 17 års ekteskap ved ei folketeljing er avlese i to ulike giftarmålsskull. Ein kan likevel få ei tilnærma kullhistorie (kohort-historie) ved å jamføra barnetalet i eit tiårs ekteskap ved ei teljing med barnetalet i eit syttenårs ekteskap i teljinga ti år seinare. Tabell 17 viser då at giftarmålsskullet frå 1950 (10 år i 1960, "17" år i 1970) har oppnådd omtrent det same barnetalet etter 10 år som kullet frå 1940 (10 år i 1950, "17" år i 1960), men ligg monaleg høgare etter 17 år. Dette samsvarar

ikkje heilt med observasjonane i tabell 9, der 1940-kullet både etter 10 og 20 års ekteskap ligg eit grann over 1950-kullet. Avviket i tabell 17 skuldast at vi her har å gjera med eit utval av dei same giftarmålskulla, nemleg kvinner gifte 20-29 år gamle. Etter alt å døma er også tala merkbart påverka av at det frå teljing til teljing har skjedd relative forskyvingar i talet på ekteskap innanfor dei ulike yrkesgruppene, noko som heng saman med at visse næringar har hatt framgang og andre tilbakegang i perioden. Men eit hovudresultat av tabell 17, eitt som ikkje skulle vera påverka av desse omstenda, er at utviklinga i dei femten yrkesgruppene er så å seia fullstendig parallell: Det er ikkje mogeleg å skimta noko teikn til tilnærming og utvisking av skilnadene yrka imellom. Dette korrigerer tabell 16, som gav eit førsteinntrykk av ei slik utjamning i barnetal.

Tabell 17. Gjennomsnittleg barnetal i ulike økonomiske grupper. Kvinner gifte i 10 og 17 år og med giftarmålsalder 20-29 år. 1930-1970 *Average number of children in different economic groups. Women married 10 and 17 years and aged 20-29 years at marriage. 1930-1970*

Økonomisk gruppe <sup>1)</sup> <i>Economic group<sup>1)3)</sup></i>	Gifte i 10 år <i>Married 10 years</i>				Gifte i 17 år <i>Married 17 years</i>			
	1930	1950	1960	1970	1930	1950	1960	1970
1. Jordbrukarar m.v. ....	3,35	2,68	2,63	3,01	4,72	3,33	3,22	3,34
2. Jordbruksarbeidarar m.v.	3,24	2,54	2,27	2,58	4,98	3,18	2,62	2,70
3. Fiskarar m.v. ....	3,39	2,77	2,56	3,14	5,04	3,54	3,25	3,50
4. Industriarbeidarar m.v. <sup>2)</sup>	(2,59)	(2,07)	2,14	2,48	(3,93)	(2,36)	2,39	2,67
5. Bygge- og anleggsarbeidarar m.v. ....	2,76	2,18	2,24	2,60	4,16	2,62	2,60	2,82
6. Skipsbefal .....	2,21	2,12	2,17	2,49	3,38	2,25	2,65	2,87
7. Skipsmannskap .....	2,74	2,35	2,40	2,56	3,95	2,61	3,03	3,17
8. Bedriftsleiarar og høgare adm. funksjonærar i industri m.v.	2,27	2,16	2,18	2,47	3,20	2,33	2,53	2,71
9. Detaljistar og sjølvst. elles i industri m.v.	2,53	2,20	2,23	2,61	3,52	2,38	2,49	2,77
10. Kontorfunksjonærar, butikkfunksjonærar m.v. ....	2,27	1,99	2,00	2,40	3,15	2,05	2,32	2,48
11. Sjølvst. i off. og priv. tenesteyting og høgare adm. funksjonærar i off. adm. og off og priv. tenesteyting ..	1,97	2,31	2,14	2,53	2,73	2,40	2,42	2,73
12. Fagfunksjonærar i off. adm. og privat tenesteyting .....	2,70	2,29	2,24	2,48	3,52	2,65	2,57	2,70
13. Andre yrkesaktive .....	2,54	1,99	2,09	2,45	3,34	2,11	2,23	2,49
14. Formue, pensjon m.v. ..	3,18	2,02	2,07	2,64	3,99	2,16	2,54	2,83
15. Yrkesaktive gifte kvinner .....	2,10	1,17	1,17	1,74	3,13	1,53	1,78	2,10

1) Sjå note 1 til tabell 16, side 27. 2) Sjå note 2 til tabell 16 side 27.

1) See note 1 to table 16, page 27. 2) See note 2 to table 16, page 27. 3) *Economic groups in English are given in table 16, page 27.*

Tabell 18. Gjennomsnittleg giftarmålsalder for menn og kvinner i ulike økonomiske grupper. 1970 *Average age at marriage for males and females in different economic groups. 1970*

Økonomisk gruppe <sup>1)</sup> <i>Economic group<sup>1)</sup></i>	Menn <i>Males</i>	Kvinner <i>Females</i>
1. Jordbrukarar m.v. ....	30	26
2. Jordbruksarbeidarar m.v. ....	28	25
3. Fiskarar m.v. ....	28	24
4. Industriarbeidarar m.v. ....	27	24
5. Bygge- og anelggsarbeidarar m.v. ....	27	24
6. Skipsbefal .....	28	24
7. Skipsmannskap .....	27	25
8. Bedriftsleiarar og høgare adm. funksjonærar i industri m.v. ....	28	25
9. Detaljistar og sjølvst. elles i industri m.v. ....	28	25
10. Kontorfunksjonærar, butikkfunk- sjonærar m.v. ....	27	24
11. Sjølvst. i off. og priv. tenesteyting og høgare adm. funksjonærar i off. adm. og off. og priv. tenesteyting ..	29	26
12. Fagfunksjonærar i off. adm. og privat tenesteyting .....	27	25
13. Andre yrkesaktive .....	27	25
14. Formue, pensjon m.v. ....	31	27
15. Yrkesaktive gifte kvinner ...	.	25
<b>Alle grupper <i>All groups</i> .....</b>	<b>28</b>	<b>25</b>

1) Menn er klassifiserte etter si eiga økonomiske gruppe, medan kvinner er klassifiserte etter ektefellens/eiga økonomisk gruppe, jfr. note 1 til tabell 16, side 27.

1) *Men are classified by own economic group, while women are classified by the husband's/own economic group, confer note 1 to table 16, page 27. In the same table economic groups are given in English.*

Eit spørsmål som reiser seg av tala i tabell 17 er om skilnaden i barnetal yrkesgruppene imellom kan botna i ulik giftarmålsalder. Dette er undersøkt i tabell 18 for alle giftarmålsskull, og svaret er negativt: Skilnadene i giftarmålsalder er altfor små til å kunna ha hatt nokon verknad på det oppnådde barnetalet.

Tabell 19. Gjennomsnittleg barnetal i ulike økonomiske grupper i bymessig og ikkje-bymessig bygde strøk. Gifte kvinner 46-55 år med giftarmålsalder 20-29 år. 1970 *Average number of children in different economic groups in urban and non-urban areas. Married women 46-55 years and aged 20-29 years at marriage. 1970*

Økonomisk gruppe <sup>1)</sup> <i>Economic group<sup>1)2)</sup></i>	Heile landet <i>The whole country</i>	Bymessig bygde strøk <i>Urban areas</i>	Ikkje-bymessig bygde strøk <i>Non-urban areas</i>
1. Jordbrukarar m.v. ....	3,40	2,93	3,42
2. Jordbruksarbeidarar m.v. ..	2,83	2,40	2,89
3. Fiskarar m.v. ....	3,54	3,15	3,58
4. Industriarbeidarar m.v. ...	2,55	2,31	2,95
5. Bygge- og anleggsarbeidarar m.v. ....	2,75	2,44	3,04
6. Skipsbefal .....	2,76	2,42	3,21
7. Skipsmannskap .....	3,00	2,62	3,25
8. Bedriftsleiarar og høgare adm. funksjonærar i industri m.v. ....	2,61	2,47	3,01
9. Detaljistar og sjølvst. elles i industri m.v. ....	2,73	2,52	3,03
10. Kontorfunksjonærar, butikk-funksjonærar m.v. ....	2,37	2,24	2,79
11. Sjølvst. i off. og priv. tenesteyting og høgare adm. funksjonærar i off. adm. og off. priv. tenesteyting ...	2,61	2,52	2,94
12. Fagfunksjonærar i off. adm. og privat tenesteyting ....	2,55	2,46	2,92
13. Andre yrkesaktive .....	2,41	2,27	2,76
14. Formue, pensjon m.v. ....	2,93	2,45	3,28
15. Yrkesaktive gifte kvinner	2,40	2,12	2,85
Alle grupper <i>All groups</i> .....	2,63	2,31	3,05

1) Sjå note 1 til tabell 16, side 27.

1) See note 1 to table 16, page 27. 2) Economic groups in English are given in table 16, page 27.



I tabell 19 er barnetalet etter yrkesgruppe studert i høve til bu-setnadstypen. Utvalet av ekteskap består av kvinner i alderen 46-55 år, som vart gifte då dei var 20-29 år gamle, og er gjort for å halda dei to demografiske kjenneteikna giftarmålsalder og fødselsperiode under kontroll. Her er det tale om kvinner som vart fødte i 1915-1924, voks opp i siste del av mellomkrigstida og fekk storparten av barna sine i tida 1945-1955. I røynda er det altså samanhengen mellom barnetal og sosiale kjenneteikn i det første tiåret etter krigen som blir undersøkt. Dette bør understreka sterkt fordi det same utvalet vil gå igjen i dei fylgjande tabellane 20-23. Tala for heile landet i tabell 19 ligg nær opp til dei vi fann etter 17 års ekteskap i tabell 17, noko som er rimeleg i og med at dei to utvala overlappar kvarandre. Ei vidare deling i bymessig og ikkje-bymessig bygde strøk gjev store utslag i det gjennomsnittlege barnetalet: 2,31 i det første og 3,05 i det andre. Skilnaden er på 32 prosent. Dette mønsteret går igjen i alle yrkesgruppene, med barnetal 14-34 prosent høgare i ikkje-bymessig enn i bymessig bygde strøk. Når den prosentvise skilnaden rekna i dei einskilde yrkesgruppene jamt over er mindre enn for dei to bu-setnadstypene under eitt, kjem det av at yrka er ulikt representerte, med ein større andel av yrke med høgt barnetal på bygdene enn i byane.

I rekkja av tabellar 16-19 krev gruppa gifte yrkesaktive kvinner ein særskild kommentar. I denne yrkesgruppa gjekk nedgangen i gjennomsnittleg barnetal frå 1930 til 1960 snøggare enn i dei andre gruppene, men vart avløyst av ein uventa stor auke frå 1960 til 1970. Den raske nedgangen kan forklarast med ein generelt fallande yrkesaktivitet blant kvinner, noko som blant gifte kvinner i særleg grad kan ha råka dei med barn. Omslaget ved folketeljinga i 1970 let seg truleg langt på veg tilskriva ein ny registreringsmåte. Fordi samtlege kvinner då vart bedne om å spesifisera aktivitet og arbeidstid, ser det ut til at især gifte kvinner i familiebedrift (t.d. gardbrukarkoner) i høgare grad enn før vurderte eige arbeid som viktigaste kjelde til livsopphald (Ref. 11). Dette har auka gruppa av gifte yrkesaktive kvinner med ein type kvinner som har drege det medels barnetalet opp.

Tabell 20. Gjennomsnittleg barnetal i einstilte økonomiske grupper<sup>1)</sup>.  
 Bymessig og ikkje-bymessig bygde strøk i fylka. Gifte  
 kvinner 46-55 år med giftarmålsalder 20-29 år, 1970 *Average  
 number of children in some economic groups<sup>1), 2)</sup>. Urban and  
 non-urban areas in counties. Married women 46-55 years and  
 aged 20-29 years at marriage. 1970*

Busetnadstype og fylke <i>Area of residence and county</i>	Alle øko- nomske grupper <i>All eco- nomic groups</i>	1 Jord- bruk- arar m.v.	3 Fisk- arar m.v.	4 Indu- stri- arbeid- arar m.v.	10 Kontor- funksjon- ærar, butikk- funk- sjon- ærar m.v.	11 Sjølvt. i off. priv. tenes- teyting og høg- are adm. funk- sjonærar i off. adm. og off. og priv. teneste- yting
Bymessig bygde strøk i alt <i>Urban areas, total</i> .....	2,31	2,93	3,15	2,31	2,24	2,52
01 Østfold .....	2,15	2,25	*	2,16	2,02	2,39
02 Akershus .....	2,16	2,66	*	2,12	2,05	2,52
03 Oslo .....	1,94	2,18	*	1,86	1,93	2,36
04 Hedmark .....	2,18	*	-	2,09	1,97	2,49
05 Oppland .....	2,15	*	-	2,03	2,04	2,71
06 Buskerud .....	2,05	2,50	-	1,97	2,04	2,21
07 Vestfold .....	2,24	3,09	*	2,26	2,16	2,17
08 Telemark .....	2,27	3,20	*	2,21	2,05	2,65
09 Aust-Agder .....	2,62	*	*	2,57	2,57	2,85
10 Vest-Agder .....	2,64	*	*	2,66	2,57	2,57
11 Rogaland .....	2,61	3,26	2,57	2,67	2,52	2,84
12 Hordaland .....	2,76	3,39	*	2,78	2,70	2,90
13 Bergen .....	2,44	*	-	2,46	2,46	2,60
14 Sogn og Fjordane .	2,79	*	*	2,95	2,62	*
15 Møre og Romsdal ..	2,78	*	3,07	2,87	2,79	2,64
16 Sør-Trøndelag ....	2,39	*	*	2,42	2,37	2,62
17 Nord-Trøndelag ...	2,64	*	*	2,59	2,50	3,24
18 Nordland .....	2,67	*	3,17	2,79	2,67	2,42
19 Troms .....	2,68	*	3,28	2,69	2,74	3,06
20 Finnmark .....	3,10	*	3,65	3,04	2,71	3,00

1) Sjå note 1 til tabell 16, side 27.

1) See note 1 to table 16, page 27. 2) Economic groups in English are given in table 16, page 27.

Tabell 20 (framh.). Gjennomsnittleg barnetal i einsskilte økonomiske grupper<sup>1)</sup>. Bymessig og ikkje-bymessig bygde strøk i fylka. Gifte kvinner 46-55 år med giftarmålsalder 20-29 år. 1970 *Average number of children in some economic groups<sup>1), 2)</sup>. Urban and non-urban areas in counties. Married women 46-55 years and aged 20-29 years at marriage. 1970*

Busetnadstype og fylke	Alle øko- miske grupper	Jord- bruk- arar m.v.	Fisk- arar m.v.	Indu- stri- arbeid- arar m.v.	10 Kontor- funksjon- ærar, butikk- funk- sjon- ærar m.v.	11 Sjølvst. i off. tenes- teyting og høg- are adm. funk- sjonærar i off. adm. og off. og priv. teneste- yting
Ikkje-bymessig bygde strøk i alt						
<i>Non-urban areas,</i>						
<i>total</i> .....	3,05	3,42	3,58	2,95	2,79	2,94
01 Østfold .....	2,68	2,86	2,98	2,73	2,55	2,48
02 Akershus .....	2,49	2,87	*	2,39	2,40	2,34
03 Oslo .....	2,24	*	-	2,36	*	*
04 Hedmark .....	2,65	2,97	*	2,52	2,39	2,59
05 Oppland .....	2,75	3,18	-	2,72	2,47	2,81
06 Buskerud .....	2,47	2,75	*	2,42	2,39	3,03
07 Vestfold .....	2,63	3,09	*	2,48	2,47	*
08 Telemark .....	2,75	3,03	*	2,59	2,49	2,82
09 Aust-Agder .....	3,14	3,49	*	2,99	3,12	*
10 Vest-Agder .....	3,14	3,68	3,11	3,15	2,73	2,67
11 Rogaland .....	3,46	4,06	3,49	3,21	3,41	3,52
12 Hordaland .....	3,50	3,72	3,91	3,48	3,33	3,65
13 Bergen .....	-	-	-	-	-	-
14 Sogn og Fjordane.	3,45	3,82	3,84	3,48	3,05	2,95
15 Møre og Romsdal .	3,41	3,71	3,68	3,33	3,19	3,53
16 Sør-Trøndelag ...	2,97	3,21	3,13	2,89	2,65	3,23
17 Nord-Trøndelag ..	3,15	3,49	3,47	3,10	2,75	*
18 Nordland .....	3,26	3,64	3,51	3,19	2,93	2,95
19 Troms .....	3,47	4,01	3,69	3,48	3,00	*
20 Finnmark .....	4,05	5,28	4,04	3,88	4,00	*

1) Sjå note 1, side 27.

1) See note 1, page 27. 2) See note 2, page 27.

I tabell 17 er kjenneteiknet fylke ført inn jamsides busetnadstype og yrke. På grunn av den sterke oppsplittinga av materialet har berre fem av dei større yrkesgruppene kunna undersøkjast. I tabellen er det gjeve gjennomsnittleg barnetal i celler med heilt ned til 20 observerte kvinner. Likevel har mange celler måtta setjast opne. Allment er talgrunnlaget nær denne minstegrensa i yrkesgruppene 1 og 3 i bymessig bygde strøk og 11 i ikkje-bymessig, noko som bør kalla på varsemnd i tolkingane. Tabellen syner att hovudtrekka i undersøkingane etter fylke (tabell 15), yrke (tabell 16) og busetnadstype (tabell 19). Men er det no mogeleg å klarleggja graden av samanheng mellom kvart av desse kjenneteikna og barnetalet? Dette let seg gjera bl.a. ved at ein held to og to kjenneteikn stabile medan ein granskar det tredje ved hjelp av korrelasjonsutrekningar. Samanhengen mellom yrke og barnetal kan såleis målast ved utrekning av korrelasjonane mellom alle mogelege par av yrke innanfor same fylke og busetnadstype. Like eins får ein eit mål på samanhengen mellom fylke og barnetal ved å finna korrelasjonane mellom same yrke i par etter par av fylke - heile tida innanfor same busetnadstype. Busetnadstypens innverknad på barnetalet kan klarleggjast i korrelasjonsutrekningar mellom barnetala i same yrke og fylke, men i kvar sitt busetnadsområde. Ei slik prøve viser ikkje berre at alle tre kjenneteikna har positiv korrelasjon med barnetalet, det vi alt har fastslege med eit augnekast, men også at dei funne korrelasjonsverdiane samlar seg rundt tre skilde medelnivå: For kjenneteiknet yrke ligg dei nær 0,4, for busetnadstype kring 0,6 og for fylke rundt 0,8. Korrelasjonsprøven viser altså at samanhengen er sterkast mellom fylke og barnetal, og svakast mellom yrke og barnetal. Når det gjeld busetnadstype, kan det skytast inn at korrelasjonane truleg ville blitt høgare med ei finare inndeling av dette kjenneteiknet - bymessig i Oslo er temmeleg ulikt bymessig i Nord-Trøndelag! No kan statistisk observert samanheng ikkje utan vidare takast som uttrykk for eit årsaksforhold. Med det etterhaldet kan desse resultatane likevel danna grunnlag for ettertanke. I drøftinga av fødselsreguleringa i ekteskapet har ein lenge lagt hovudvekta på det ein kunne kalla "individualiserande" kjenneteikn, som den ein-skilde familiens yrkesplassering, husvære, økonomi osv. Her synest derimot utfallet å bli ei sterkare understreking av dei "kollektive" kjenneteikna, nemleg det større geografiske og sosiale miljø familien tilhøyrrer. Det kunne i sin tur bli utgangspunkt for hypotesar om at fertiliteten i ekteskapet er sterkare regulert av sosiale normer enn av den ein-skilde familiens levkår eller materielle føresetnader for å ala opp barn. Men det bør igjen understrekast at undersøkinga i denne tabell 20 er gjort blant kvinner 46-55 år gamle, altså i ein avgrensa aldersklasse med si spesielle historie.

Tabell 21. Gjennomsnittleg barnetal i einsskilte økonomiske grupper og i grupper for fullført utdanning og busetnadstype. Gifte kvinner 46-55 år med giftar-  
målsalder 20-29 år. 1970 *Average number of children in some economic  
groups by education completed and area of residence. Married women  
46-55 years and aged 20-29 years at marriage. 1970*

Busetnads- type og økonomisk gruppel) Area of residence and econo- mic group(1),2)	Alle <i>All</i>			Høgaste allmennutdanning <i>Highest general education</i>								
	I alt <i>Total</i>	Utan fag- utd. <i>With- out voca- tional edu- cation</i>	Med fag- utd. <i>With voca- tional edu- cation</i>	Folke-, fram- halds-, grunn- skole <i>Primary school, continuation school</i>			Folkehøg-, real-, middel- skole <i>Folk high school, secondary general school; lower stage</i>			Artium, øko- nomisk gymnas <i>Secondary general school; upper stage</i>		
				I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.
HEILE LANDET <i>THE WHOLE COUNTRY</i> ....	2,63	2,68	2,49	2,64	2,67	2,48	2,61	2,76	2,49	2,55	2,50	2,57
1. Jord- brukarar m.v. ...	3,40	3,46	3,22	3,41	3,46	3,23	3,33	3,46	3,18	3,37	3,28	3,40
4. Industri- arbeid- arar m.v.	2,55	2,57	2,46	2,53	2,55	2,42	2,69	2,77	2,56	2,56	2,57	2,54
10. Kontor- funksjon- ærar, butikk- funksjon- ærar m.v.	2,37	2,37	2,36	2,35	2,36	2,31	2,39	2,43	2,36	2,52	2,46	2,59
11. Sjølvst. i off.og priv. te- nesteyt- ing og høgare adm. funk- sjonærar i off. adm. og off. og priv. teneste- yting ..	2,61	2,66	2,58	2,59	2,62	2,56	2,59	2,74	2,53	2,65	2,64	2,66
15. Yrkes- aktive gifte kvinner.	2,40	2,46	2,29	2,41	2,45	2,28	2,39	2,56	2,28	2,34	2,21	2,38

1) Sjå note 1 til tabell 16, side 27.

1) See note 1 to table 16, page 27. 2) Economic groups in English are given in table 16, page 27.

Tabell 21 (framh.). Gjennomsnittleg barnetal i einsskilde økonomiske grupper og i grupper for fullført utdanning og busetnadstype. Gifte kvinner 46-55 år med giftarmålsalder 20-29 år. 1970 *Average number of children in some economic groups by education completed and area of residence. Married women 46-55 years and aged 20-29 years at marriage. 1970*

Busetnads- type og økonomisk gruppel)	Alle			Høgaste allmennutdanning								
	I alt	Utan	Med	Folke-, fram- halds-, grunn- skole			Folkehøg-, real-, middel- skole			Artium, øko- nomisk gymnas		
		fag- utd.	fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.
Bymessig bygde strøk i alt <i>Urban areas, total</i>	2,31	2,32	2,31	2,29	2,30	2,23	2,34	2,39	2,31	2,49	2,44	2,52
1. Jordbruk- arar m.v.	2,93	2,92	2,96	2,99	2,91	3,24	2,84	2,98	2,70	2,57	2,25	2,70
4. Industri- arbeid- arar m.v.	2,31	2,32	2,30	2,30	2,30	2,26	2,43	2,46	2,37	2,47	2,51	2,43
10. Kontor- funksjon- ærar, butikk- funksjon- ærar m.v.	2,24	2,22	2,27	2,21	2,20	2,22	2,25	2,24	2,25	2,51	2,43	2,58
11. Sjølvst. i off.og priv.te- neste- yting og høgare adm.funk- sjonærar i off.adm. og off. og priv. teneste- yting ..	2,52	2,57	2,49	2,47	2,51	2,43	2,48	2,62	2,43	2,61	2,62	2,60
15. Yrkes- aktive gifte kvinner.	2,12	2,13	2,11	2,10	2,13	2,02	2,12	2,18	2,09	2,28	2,13	2,33

1) Sjå note 1, side 27.

Tabell 21 (framh.). Gjennomsnittleg barnetal i einiskilde økonomiske grupper og i grupper for fullført utdanning og busetnadstype. Gifte kvinner 46-55 år med giftarmålsalder 20-29 år. 1970 *Average number of children in some economic groups by education completed and area of residence. Married women 46-55 years and aged 20-29 years at marriage. 1970*

Busetnads- type og økonomisk gruppe <sup>1)</sup>	Alle			Høgaste allmennutdanning								
	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	Folke-, fram- halds-, grunn- skole			Folkehøg-, real-, middel- skole			Artium, øko- nomisk gymnas		
				I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.
Ikkje-by- messig bygde strøk i alt <i>Non- urban areas,</i> <i>total</i> .....	3,05	3,08	2,91	3,05	3,07	2,90	3,08	3,20	2,92	2,91	2,94	2,90
1. Jordbruk- arar m.v.	3,42	3,48	3,23	3,43	3,48	3,23	3,36	3,48	3,21	3,48	3,43	3,49
4. Industri- arbeid- arar m.v.	2,95	2,96	2,85	2,93	2,94	2,79	3,13	3,17	3,02	3,45	3,17	3,80
10. Kontor- funksjon- arar, butikk- funksjon- arar m.v.	2,79	2,81	2,74	2,76	2,79	2,63	2,92	2,93	2,91	2,72	2,80	2,67
11. Sjølvst. i off.og priv.te- nesteyt- ing og høgare adm.funk- sjonarar i off.adm. og off. og priv. teneste- yting ..	2,94	2,93	2,96	2,87	2,87	2,88	2,99	3,05	2,95	3,04	2,88	3,09
15. Yrkes- aktive gifte kvinner.	2,85	2,88	2,74	2,84	2,86	2,74	2,91	3,07	2,74	2,68	2,84	2,64

1) Sjå note 1, side 27.

Tabellane 21 og 22 granskar forholdet mellom utdanning og barnetal (Ref. 10). I tabell 21 er inndelinga gjort etter mannens yrke (bortsett frå gruppe 15) og etter utdanninga til kvinna. Samletala for landet og for underinndelinga ikkje-bymessig syner at barnetalet minkar noko med høgare utdanning, medan det omvendt aukar i underinndelinga bymessig. Fagutdanning fylgjest av lågare barnetal på dei to lågaste utdanningsstega, medan samanhengen er uklar på det høgste. Men desse oversiktsresultata er påverka av at høg- og lågfertilitetsyrke (tabell 16) er ulikt representerte både i dei to busetnadstypene og på dei ulike utdanningsstega. Røkkjer ein etter i dei einskilde yrkesgruppene for by og land kvar for seg, vil ein sjå at høgare utdanning i dei fleste tilfella går saman med høgare barnetal. Unntaket gjeld jordbrukarar i bymessige strøk og kontor- og butikkfunksjonærar og yrkesaktive kvinner i ikkje-bymessige. Den positive samanhengen mellom utdanning og barnetal er særleg tydeleg for gruppa industriarbeidarar. For fagutdanninga gjeld det derimot stadig at ho går saman med lågare barnetal. Då det er truleg at kvinner med fagutdanning deltar meir i yrkeslivet, kan yrkesaktiviteten vera den eigentlege faktoren her, men dette vil bli nærare drøfta seinare.

Tabell 22 dekkjer heile landet og gjeld samanhengen mellom mannens yrke og utdanning og barnetalet i ekteskapet. Det er ikkje råd å avlesa nokon klar samanheng mellom dei to kjenneteikna i noka yrkesgruppe. Også for fagutdanninga er verknaden meir tilslørt enn for kvinnene i tabell 21. Alt i alt må slutninga frå dei to tabellane vera at utdanninga både for kvinner og menn har svak samanheng med barnetal, men at utdanninga til kvinna trass i alt synest å vera viktigare enn mannens. At den svake samanhengen var positiv, samstavar dårleg med vanlege oppfatningar om t.d. samanhengen mellom opplysningsnivå og prevensjonsbruk, men kan til gjengjeld forklarast med dei verknadene utdanning har på inntekt og livssituasjon.

Den siste undersøkinga gjeld utslaget ei inndeling etter kvinna sin yrkesaktivitet gjev på barnetalet. Tabell 23 skil mellom tre grader av yrkesaktivitet, og det er inndelt både etter mannens yrke og dei to busetnadstypene. Innanfor yrka i jordbruk og fiske går større yrkesdeltaking for kvinna saman med større barnetal. Omsnudd er det i meir typiske by-yrke som t.d. kontor- og butikkfunksjonærar, medan industriarbeidarar og sjølvstendige i offentleg og privat tenesteyting ikkje viser tydelege utslag i nokon retning. I dette tilfellet må ein i særleg grad vera varsam med å dra slutningar om årsaksforhold. Søkjer kvinnene ut i yrkeslivet fordi dei har ein stor barneflokk å forsørgja, eller tvert imot fordi dei har få barn og lite å gjera heime? Ulike vilkår for å sameina yrkesdeltaking og arbeid i heimen kan tenkjast å laga skilnader mellom yrka, endå ein vil merka seg at det i tabell 23 er tale om kvinner 46-55 år gamle, altså kvinner med større barn som ikkje legg dei same band på mora som små.



Tabell 22. Gjennomsnittleg barnetal i grupper for ektefellens fullførte utdanning og økonomiske gruppe (einskilde grupper). Gifte kvinner 46-55 år med giftarmålsalder 20-29 år. 1970 *Average number of children by education completed and economic group (some groups) of the spouse. Married women 46-55 years and aged 20-29 years at marriage. 1970*

Ektefellens økonomiske gruppe <sup>1)</sup> <i>Economic group of the spouse</i>	Alle <i>All</i>		Ektefellens høgaste allmennutdanning <i>Highest general education of the spouse</i>									
	I alt <i>Total</i>	Utan fag- utd. <i>Without vocational education</i>	Med fag- utd. <i>With vocational education</i>	Folke-, fram- halds-, grunn- skole <i>Primary school, continuation school</i>			Folkehøg-, real-, middel- skole <i>Folk high school, secondary general school; lower stage</i>			Artium, øko- nomisk gymnas <i>Secondary general school; upper stage</i>		
				I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.	I alt	Utan fag- utd.	Med fag- utd.
1. Jordbruk- arar m.v.	3,28	3,31	3,23	3,27	3,29	3,22	3,31	3,43	3,24	3,15	3,12	3,16
4. Industri- arbeid- arar m.v.	2,46	2,51	2,36	2,46	2,50	2,34	2,52	2,64	2,44	2,35	2,23	2,41
10. Kontor- funksjo- nærer, butikk- funksjo- nærer m.v. ...	2,27	2,25	2,28	2,28	2,26	2,30	2,24	2,16	2,26	2,28	2,30	2,26
11. Sjølvst. i off. og priv. teneste- yting og høgare adm. funk- sjonærer i off.adm. og off. og priv. teneste- yting ...	2,55	2,48	2,55	2,52	2,80	2,45	2,55	2,33	2,57	2,56	2,33	2,56

1) I denne tabellen er også kvinner med inntekt av eige arbeid som viktigaste kjelde til livsopphald klassifiserte etter ektefellens økonomiske gruppe.

1) *In this table also women having income from own work as main source of livelihood are classified by the economic group of the spouse. Economic groups in English are given in table 16, page 27.*

Tabell 23. Gjennomsnittleg barnetal etter yrkesaktivitet, busetnadstype og økonomisk gruppe. Gifte kvinner 46-55 år med giftarmsalder 20-29 år. 1970  
*Average number of children by economic activity, area of residence and economic group. Married women 46-55 years and aged 20-29 years at marriage. 1970*

Økonomisk gruppe <sup>1)</sup> Economic group <sup>1)2)</sup>	I alt Total		Utan inntektsgjevande arbeid i tida 1/11 1969-31/10 1970 <i>Without economic activity during the period 1/11 1969-31/10 1970</i>		Med inntektsgjevande arbeid <sup>3)</sup> <i>With economic activity<sup>3)</sup></i>			
			By-messig bygde strøk <i>Urban areas</i>	Ikkje-by-messig bygde strøk <i>Non-urban areas</i>	Under 1 000 arbeidstimar <i>Under 1 000 working hours</i>	Ikkje-by-messig bygde strøk	By-messig bygde strøk	1 000 arbeids-timar og meir <i>1 000 working hours and more</i>
1. Jordbrukarar m.v.	2,93	3,42	2,71	3,32	3,25	3,49	2,88	3,59
2. Jordbruksarbeidarar m.v. ....	2,40	2,89	2,48	2,88	2,19	2,97	1,60	2,18
3. Fiskarar m.v. ....	3,15	3,58	3,15	3,58	3,12	3,60	3,25	3,80
4. Industriarbeidarar m.v. ....	2,31	2,95	2,32	2,94	2,30	3,01	2,25	2,96
5. Bygge- og anleggsarbeidarar m.v.	2,44	3,04	2,44	3,02	2,42	3,18	2,34	2,60
6. Skipsbefal ....	2,42	3,21	2,42	3,19	2,40	3,36	2,33	3,00
7. Skipsmannskap ...	2,62	3,25	2,58	3,23	2,83	3,36	2,40	-
8. Bedriftsleiarar og høgare adm. funksjonærar i industri m.v. ....	2,47	3,01	2,48	3,04	2,42	2,87	2,31	2,43
9. Detaljistar og sjølvst. elles i industri m.v. ...	2,52	3,03	2,55	3,03	2,45	3,04	2,28	2,95
10. Kontorfunksjonærar, butikkfunksjonærar m.v. ....	2,24	2,79	2,24	2,81	2,23	2,77	1,99	2,09
11. Sjølvst. i off. og priv. tenesteyting og høgare adm. funksjonærar i off. adm. og off. og priv. tenesteyting .....	2,52	2,94	2,52	2,93	2,51	3,00	2,57	2,80
12. Fagfunksjonærar i off. adm. og privat tenesteyting	2,46	2,92	2,48	2,88	2,38	3,08	2,38	2,78
13. Andre yrkesaktive	2,27	2,76	2,26	2,74	2,29	2,80	2,09	3,40
14. Formue, pensjon m.v.	2,45	3,28	2,46	3,25	2,39	3,43	2,33	3,86
15. Yrkesaktive gifte kvinner .....	2,12	2,85	.	.	2,27	3,06	2,11	2,83

1) Sjå note 1 til tabell 16, side 27. 3) Heile eller ein del av perioden 1/11 1969-31/10 1970.

1) See note 1 to table 16, page 27. 2) Economic groups in English are given in table 16, page 27. 3) During the whole or a part of the period 1/11 1969 - 31/10 1970.

Tabell 24. Gjennomsnittleg barnetal etter yrkesaktivitet, busetnadstype og økonomisk gruppe. Gifte kvinner 26-30 år med giftarmålsalder 20-24 år. 1970  
*Average number of children by economic activity, area of residence and economic group. Married women 26-30 years and aged 20-24 years at marriage. 1970*

Økonomisk gruppe <sup>1)</sup> <i>Economic group<sup>1)2)</sup></i>	I alt		Utan inntekts- gjevande ar- beid i tida 1/11 1969- 31/10 1970 <i>Without eco- nomic activity during the period 1/11 1969- 31/10 1970</i>		Med inntektsgjevande arbeid <sup>3)</sup> <i>With economic activity<sup>3)</sup></i>			
	<i>Total</i>	<i>Ikkje- by- messig bygde strøk Urban areas</i>	<i>By- messig bygde strøk</i>	<i>Ikkje- by- messig bygde strøk</i>	<i>Under 1 000 arbeidstimar Under 1 000 working hours</i>	<i>Ikkje- by- messig bygde strøk</i>	<i>1 000 arbeids- timar og meir 1 000 working hours and more</i>	<i>Ikkje- by- messig bygde strøk</i>
1. Jordbrukarar m.v.	2,23	2,46	2,19	2,40	2,29	2,50	-	1,82
2. Jordbruksarbeid- arar m.v. ....	2,17	2,21	2,25	2,24	1,83	2,10	2,00	-
3. Fiskarar m.v. ....	2,29	2,39	2,37	2,43	1,56	1,80	-	-
4. Industriarbeidarar m.v. ....	2,02	2,18	2,08	2,22	1,72	1,93	1,46	1,46
5. Bygge- og anleggs- arbeidarar m.v.	2,06	2,24	2,12	2,28	1,75	1,98	1,45	1,71
6. Skipsbefal .....	1,91	2,20	1,99	2,25	1,36	1,55	1,13	3,00
7. Skipsmannskap ...	2,01	2,19	2,06	2,26	1,68	1,33	-	-
8. Bedriftsleiarar og høgare adm. funksjonærar i industri m.v. .	1,96	2,22	2,02	2,27	1,70	1,99	1,35	1,75
9. Detaljistar og sjølvst.elles i industri m.v. .	2,09	2,26	2,13	2,30	1,90	1,98	2,57	2,00
10. Kontorfunksjonær- rar, butikkfunk- sjonærar m.v. .	1,93	2,12	2,00	2,18	1,67	1,86	1,36	2,75
11. Sjølvst.i off.og priv.tenestey- ting og høgare adm.funksjonær- ar i off. adm. og off. og priv. tenesteyting ..	1,99	2,26	2,05	2,33	1,73	2,02	2,00	-
12. Fagfunksjonærar i off.adm. og pri- vat tenesteyting	1,89	2,04	1,97	2,09	1,64	1,84	1,43	1,75
13. Andre yrkesaktive	2,01	2,18	2,06	2,23	1,84	1,90	1,38	3,00
14. Formue,pensjon m.v.	1,64	2,16	1,79	2,26	1,33	1,51	0,50	-
15. Yrkesaktive gifte kvinner .....	1,06	1,37	.	.	1,45	1,75	1,04	1,33

1) Sjå note 1 til tabell 16, side 27. 3) Heile eller ein del av perioden 1/11 1969-31/10 1970.

1) See note 1 to table 16, page 27. 2) Economic groups in English are given in table 16, page 27. 3) During the whole or a part of the period 1/11 1969 - 31/10 1970.

For å nå eit steg lenger er det derfor i tabell 24 gjort ei eiga undersøking av yngre kvinner. Dei er i alderen 26-30 år og har i gjennomsnitt vore gifte i knappe fem års tid. Her er biletet lettare å tolka: Det er ein tydeleg negativ samvariasjon mellom grad av yrkesdeltaking og barnetal. Og årsakssamanhengen tykkjest lettare skjønneleg: Deltaking i yrkeslivet og barneføding er på dette alderssteget alternativ som i stor grad utelukkar kvarandre. Men her er undersøkinga samstundes gjort i ein aldersklasse med ei anna historie, t.d. ein annan utdanningsbakgrunn enn klassa 46-55 år som er granska gjennom dei tidlegare tabellane. Det er ikkje råd å sjå bort frå at vi her har å gjera med ein reell generasjonskilnad i tillegg til alderskilnaden, og at tabell 24 innevarslar ein ny familieskipnad jamført med tabell 23.

## 5. Samandrag

Barnetalet, målt som gjennomsnitt for alle beståande ekteskap på folketeljingstidspunkta, fall snøgt frå 1920 til 1946, men nedgangen har sidan gått gradvis seinare og var på berre knapt 2 prosent frå 1960 til 1970. I nokon grad er denne stabiliseringa berre tilsynelatande, då aldersstrukturen åt ekteskapa var gunstigare med omsyn til høgt barnetal i 1970 enn tidlegare. Endringane i barnetal etter busetnadstype let seg berre usikkert fanga på grunn av overgangen til nye geografiske inndelingskriteria i 1960/1970. Materialet kan likevel tyda på at barnetalet framleis fell på bygdene, medan det har stabilisert seg eller endå stig eit grann i byane.

Barnetalet kan også avlesast ved slutten av den fruktbare perioden i ekteskapet. Sluttbarnetalet fall sterkt i giftarmålskulla frå 1900 til 1930, men har sidan lege tolleg fast i nærleiken av 2,5. Til gjengjeld har tidsfordelinga av fødslane undergått fleire skiftingar. Medan kulla 1930-1950 hadde ein langsam auke i barnetalet i dei første åra av ekteskapet og ein relativt snøggare deretter, har ein i kulla 1950-1965 kunna observera ein svært rask vekst i barnetalet i byrjinga av ekteskapet. Desse siste kulla er endå ikkje ferdige med sin barneproduksjon i 1970, men data frå dei siste åra før 1970 tyder på ein sterk nedgang i fødslane. Denne oppbremsinga vil truleg stansa desse kulla på eit barnetal ikkje langt frå det som vart oppnådd i kulla frå 1930-1950. Dessutan viser data frå 1970-teljinga at giftarmålskulla etter 1965 har hatt færre fødsjar i sine første ekteskapsår, altså tilsynelatande ei tilbakevending til mønsteret i kulla

1930-1950. Denne tendensen til lågare fødselstal i eldre og yngre giftarmålskull samstundes vil truleg gje seg merkbare utslag på den norske fødselsrata i 1970-åra, nett som i 1930-åra. Som ved dei tidlegare teljingane finn ein i 1970 store utslag i barnetal etter yrke. I ekteskap som har vara i 10 og 17 år har dei relative skilnadene mellom yrkesgruppene ikkje minka sidan 1950, medan slike endringar i ekteskap med meir enn 18 års alder viser attende til mellomkrigstida då fallet i barnetal skjedde noko ulikt i dei ymse yrkesgrupper. På same måte som barnetalet etter yrke syner barnetalet etter geografisk inndeling sterke utslag. Desse regionale skilnadene har lege temmeleg fast i etterkrigstida. Stiller ein så yrke og geografisk inndeling saman, viser sistnemnde den klaraste samvariasjonen med barnetalet. Dette kan tyda på at barnetalet er vel så sterkt påverka av samfunnet ekteskapet høyrer heime i som av eit meir individualiserande kjenneteikn av typen yrke. Av andre slike kjenneteikn forutan yrke er utdanning og graden av kvinna si yrkesdeltaking studerte. Det er tale om ein svak tendens i retning av at høgare utdanning for kvinna fylgjest av høgare barnetal. Blant eldre kvinner er det ingen eintydig samheng mellom barnetal og grad av yrkesdeltaking, medan samanhengen for yngre kvinner er openberr negativ.

*ENGLISH SUMMARY*

The number of children, measured as the mean for all marriages existing at the time of the census, was falling rapidly between 1920 and 1946, but then slowly and was hardly on two per cent from 1960 to 1970. In a way the stabilizing of the number of children is only apparently, since the distribution of the marriages by age in 1970 normally will give a higher number of children than the distribution from previous years. A change in the number of children by place of residence is difficult to observe due to another classification system in 1970 than ten years before. But data suggest that the number of children is still falling in the rural districts, and are stabilizing or growing a little in the towns.

The number of children can also be observed at the end of the fertile period of the marriage. This total family size was rapidly decreasing for marriages entered between 1900 and 1930, but has been about 2.5 since then. But the distribution of births in different timephases of the marriage has been changing. While people married 1930-1950 had a small growth in family size the first years of the marriage, we could observe a rapid growth in the same phase for marriages entered 1950-1965. This last group of marriages had not ended their fertile period in 1970, but observations the last years before the census, indicate a rapid fall in the births for this group in this period. With this decline, this group of marriages will probably end on about the same family size as the people married 1930-1950. In addition data from 1970-census show that people married after 1965 have got less children in the first years of their marriage, seeming to be a step backward to the time distribution of family size which is observed for the marriages of 1930-1950. This tendency to lower number of births in the elder (1950-1965) and younger (1960 and later) marriages at the same time, probably will influence the birthrate in Norway remarkably in the 1970-1980, just as in 1930-1940.

Like previous censuses, the 1970-census also shows great differences in number of children by economic groups. In marriages of 10 and 17 years, the relative difference between the economic groups had not diminished since 1950. Marriages with a duration longer than 18 years go back to the period between the World Wars when the family size did not fall with the same rate in all economic groups.

The family size by county and area of residence shows great differences too. These geographical differences have been almost stable after the last war. Putting economic group and county/area of residence together in a study, the latter shows greater correlation with number of children. This can be interpreted as if the society the family belongs to influences the family size more than individual factors as the economic group. Other individual variables like education and the extent of economic activity of the woman, have been studied. We found a slight tendency to a higher number of children for women with higher education compared with lower education. Among elder women we can not find a clear correlation between family size and the extent of economic activity. For younger women we find this correlation to be obviously negative.

Referansar

1. Backer, Julie (1965): "Ekteskap, fødsler og vandringer i Norge 1856-1960". Samfunnsøkonomiske studier nr. 13. Statistisk Sentralbyrå.
2. Brundtland, Gro Harlem og Walløe, Lars (1976): Artikkel i *Annals of Human Biology* vol. 3 s. 363.
3. Folketellingen i Norge 1920, hefte 6. NOS VII 97.
4. Folketellingen i Norge 1930, hefte 9. NOS IX 62.
5. Folketellingen i Norge 1950, hefte 5. NOS XI 271.
6. Folketellingen i Norge 1960, hefte 7. NOS XII 158.
7. Jahn, Gunnar (1952): "Befolkningsspørsmål og familienes størrelse." Statistiske Meddelelser 1952. Statistisk Sentralbyrå.
8. Léridon, Henri (1973): "Aspects biométriques de la fécondité humaine." PUF, Paris.
9. Lettenstrøm, Gerd Skoe (1965): "Ekteskap og barnetall - en analyse av fruktbarhetsutviklingen i Norge." Artikler 14. Statistisk Sentralbyrå.
10. Møglestue, Idar (1975): "Befolkningens utdanningsbakgrunn. En analyse av tall fra folketelling 1970." Artikler 79. Statistisk Sentralbyrå.
11. Rasmussen, Tor Fr. (1975): "Yrkesbefolkningen i Norge." Artikler 76. Statistisk Sentralbyrå.




## Utkome i serien ART

*Issued in the series Artikler fra Statistisk Sentralbyrå (ART)*

- Nr. 79 Idar Møglestue: Befolkningens utdanningsbakgrunn En analyse av tall fra Folketelling 1970 *Educational Background of the Population An Analysis of Data from Population Census 1970* 1975 89 s. kr 8,00
- " 80 Knut Ø. Sørensen: Statistisk Sentralbyrås befolkningsprognosemodell ved de regionale framskrivinger 1975 *The Population Projection Model of the Central Bureau of Statistics of Norway in the Regional Projections* 1976 48 s. kr 8,00
- " 81 Petter Jakob Bjerve: Two Addresses on Statistical Co-operation *To talar om statistisk samarbeid* 1976 20 s. kr 5,00
- " 82 Gerd Skoe Lettenstrøm: Fødselstall i ekteskapskohorter 1965-1972 En analyse på grunnlag av registerdata *Fertility of Marriage Cohorts An Analysis Based on Register Data* 1976 64 s. kr 8,00
- " 83 Lorents Lorentsen og Tor Skoglund: MSG-3 En modell for analyse av den langsiktige økonomiske utvikling *MSG-3 A Model for Analysis of the Long Term Economic Development* 1976 46 s. kr 7,00
- " 84 Petter Jakob Bjerve: Trends in Norwegian Planning 1945-1975 *Utviklingstendensar i norsk planlegging gjennom 30 år* 1976 42 s. kr 7,00
- " 85 Idar Møglestue og Arild Jeber: Utdanning og yrke til lærerkandidatene fra 1965 *Education and Occupation of Graduates from Teachers' Training Colleges in 1965* 1976 55 s. kr 8,00
- " 86 Jan M. Hoem, Erling Berge and Britta Holmbeck: Four Papers on the Analytic Graduation of Fertility Curves *Fire artikler om analytisk glatting av fruktbarhetskurver* 1976 57 s. kr 8,00
- " 87 Vidar Ringstad: On the Estimation of Dynamic Relations from Combined Cross Section Time Series Data *Om estimering av dynamiske relasjonar frå tverrsnittstidsrekke-data* 1976 19 s. kr 5,00
- " 89 Ståle Dyrvik: Ekteskap og barnetal - ei gransking av fertilitetsutviklinga i Norge 1920-1970 *Marriage and number of children - An Analysis of Fertility Trend in Norway* 1976 48 s. kr 8,00
- " 90 Ståle Dyrvik: Utviklingstendensar i 1975 i Norges befolkning *Trends in the Norwegian Population* 1976 27 s. kr 7,00

Fullstendig oversikt over tidlegare nummer av serien Artikler finst i nr. 80.



Publikasjonen utgis i kommisjon hos  
H. Aschehoug & Co., Oslo, og er til salgs hos alle bokhandlere  
Pris kr 5,00

Omslag trykt hos Grøndahl & Søn Trykkeri A.s, Oslo

ISBN 82 - 537 - 0658 - 8